



Innst. 155 S

(2009–2010)

**Innstilling til Stortinget
fra kontroll- og konstitusjonskomiteen**

Dokument nr. 3:16 (2008–2009)

**Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens
undersøking av drift og vedlikehold av vegnettet**

Vedlegg 12: Referat fra åpen høring



Innst. 155 S

(2009–2010)

Innstilling til Stortinget fra kontroll- og konstitusjonskomiteen

Dokument nr. 3:16 (2008–2009)

Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens undersøkning av drift og vedlikehold av vegnettet

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Det er gjort greie for dei overordna måla for transportpolitikken i Nasjonal transportplan 2006–2015. Dei sentrale måla er færre drepne og alvorleg skadde i vegtrafikken, meir miljøvennleg bytransport, betre framkomstforhold i og mellom regionar, eit meir effektivt transportsystem og eit transportsystem som er tilgjengeleg for alle. Desse måla er førte vidare i Nasjonal transportplan 2010–2019, der overordna mål for transportpolitikken er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekkjer behovet for transport i samfunnet og fremmar regional utvikling.

Gode framkomstforhold er viktig for næringslivet og for å halde oppe busetjinga i distrikta. Drift og vedlikehold av vegnettet skal medverke til å gi gode og sikre framkomstforhold for trafikantane heile året.

I 2003 blei det gjennomført ei omfattande omstilling i Statens vegvesen. Hovudgrepet i omstillinga var omorganisering av forvaltningsdelen i Statens vegvesen og utskiljing av produksjonsverksemda til det statlege aksjeselskapet Mesta AS. Drifts- og vedlikehaldsoppgåver som produksjonsverksemda i Statens vegvesen tidlegare hadde teke hand om, blei gradvis konkurranseutsette gjennom drifts- og vedlikehaldskontraktar med funksjonsansvar (funksjonskontraktar). Full konkurranseutsetjing blei oppnådd i 2006. Per 31. desember 2008 var det totalt 105 funk-

sjonskontraktar i drift. I 2008 var den totale omsetninga gjennom funksjonskontraktane på 2,1 mrd. kroner.

Formålet med funksjonskontraktar er å halde ved lag vegnettets funksjon eller tilstand i kontraktperioden gjennom å sikre trafikkavviklinga frå dag til dag og ta hand om mindre reparasjonar av vegnettet. Funksjonskontraktane omfattar ikkje større vedlikehaldsarbeid, for eksempel asfaltering av veg og vegmerking.

Statens vegvesen har ansvaret for drift og vedlikehold av riks- og fylkesvegnettet, mens kommunane har ansvaret for dei kommunale vegane. Statens vegvesen er samansett av Vegdirektoratet og fem regionvegkontor: Region aust, Region sør, Region vest, Region midt og Region nord. Regionvegkontora har ansvaret for strategisk planlegging, styring, ressursdisponering og fellesoppgåver for heile regionen. I kvar region er det distriktskontor, i alt 30 på landsbasis. Det er distrikta som har det utøvande ansvaret for funksjonskontraktane. For kvar kontrakt er det ein byggeleiar som står for den daglege oppfølginga av funksjonskontraktane.

Statens vegvesen er som byggherre ansvarleg for at entreprenørane forvaltar funksjonskontraktane i samsvar med standardane som Vegvesenet har sett for drift og vedlikehold av vegnettet, og i samsvar med overordna målsetjingar om tryggleik og gode framkomstforhold i trafikken.

Målet med undersøkinga er å vurdere om drifts- og vedlikehaldsoppgåver blir styrte og utførte slik at omsynet til trafikktryggleik og framkomstforhold på vegnettet er sikra. Dette er gjort gjennom å undersøkje i kva grad utføringa av drift og vedlikehold av vegnettet legg til rette for gode og sikre framkomstforhold. Vidare er det undersøkt i kva grad Samferdselsdepartementets og Statens vegvesens styring og oppfølging på området legg til rette for effektiv drift

og vedlikehald av vegnettet. Det er under dette undersøkt i kva grad byggherren i forvaltninga av funksjonskontraktane legg til rette for effektiv drift og vedlikehald av vegnettet. I den samanheng er det i undersøkinga gjort greie for i kva grad det er oppnådd konkurranse på entreprenørmarknaden.

Problemstillingar knytte til vedlikehaldsetterslepet for riksvegane og større vedlikehald som ikkje er omfatta av funksjonskontraktane, er haldne utanfor undersøkinga. Stortinget er gjennom St.prp. nr. 1 blitt orientert om at det er eit vedlikehaldsetterslep på vegnettet, og at dette har auka dei seinare åra.

1.2 Oppsummering av undersøkinga

Undersøkinga omfattar tidsperioden 2003–2009. Visse delar av undersøkinga gjeld heile denne perioden, mens andre gjeld delar av perioden.

For å svare på problemstillingane i undersøkinga er det gjennomført dokumentanalyse og ei caseundersøking. Det er også gjennomført ei spørjeundersøking blant byggjeleiarar og seksjonsleiarar i Statens vegvesen med ansvar for drift og vedlikehald av vegnettet. Vidare er det gjort intervju med Samferdselsdepartementet, Vegdirektoratet, dei fem regionane i Statens vegvesen og eit utval på fire distrikt.

Dokumentet gjer nærmare greie for gjennomføringane av undersøkingane.

1.2.1 Manglar som gjeld kvaliteten på drifta av vegnettet

Samferdselsdepartementet har i St.prp. nr. 1 slått fast at rettidig drift av vegnettet, utført med riktig kvalitet, er avgjerande for å sikre at vegsystemet oppfyller dei forventningane trafikantane har til gode og sikre framkomstforhold heile året.

Byggjeleiarane gjer to gonger i året ei evaluering av entreprenørane. Ein gjennomgang av evaluerings-skjema for vintersesongen 2007/2008 og sommarseongen 2008 viser at det for om lag halvparten av kontraktane er mangelfull utføring av drifts- og vedlikehaldsarbeidet. Det gjeld både vinterdrift, punktlegskap og kvalitet på levert produkt. Vegdirektoratet har i intervju stadfesta at det ikkje vurderer dette resultatet som tilfredsstillande.

Dette inntrykket blir forsterka av resultatane frå SINTEFs caseundersøking av to utvalde vegstreknningar på E14 og RV705. Undersøkinga dokumenterer ei rekkje avvik i forhold til krava som er definerte i Statens vegvesens Håndbok 111 Standard for drift og vedlikehold.

SINTEFs vurdering av føretilstanden på vegen i vintersesongen viste avvik i forhold til krava som er fastsette i funksjonskontrakten i 14 av 24 observasjonar på E14. På RV705 blei det funne avvik i 15 av 22 observasjonar. Eit eksempel på avvik frå kontraktkrava var manglande strøing på våt is (hålkføre).

Vidare kunne SINTEFs undersøking dokumentere ei rekkje avvik som gjaldt

- føretilstand på gang- og sykkelveg
- vegtilstand og siktforhold i kryss
- tilstand i busslomme, leskur og tilhøyrande gangareal

Det blei vidare registrert snødekte skiltplater på både E14 og RV705. For sommardrifta viste SINTEFs undersøking at det var fleire avvik og manglar knytte til

- vedlikehald av vegdekket
- drems- og avløpsanlegg
- skilt

For drift av grøntareal og skråningar, rasteplassar og lysanlegg var det mindre avvik.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er det i undersøkinga stilt spørsmål om kvaliteten på driftsarbeidet er tilstrekkeleg til å medverke til gode og sikre framkomstforhold for trafikantane heile året.

I svarbrevet sitt til Riksrevisjonen understrekar Samferdselsdepartementet at det er viktig å fokusere på om kvaliteten på drifta av vegnettet er tilfredsstillande. For å rette opp mange av dei forholda som Riksrevisjonen peiker på, meiner departementet likevel at det vil vere behov for blant anna auka stikkprøvekontroll og handheving og innføring av økonomiske sanksjonar. Departementet peiker på at dette er tiltak som vil gi behov for meir ressursar for å kunne gjennomførast.

Samferdselsdepartementet peiker vidare på at ved innføringa av systemet med funksjonskontraktar blei mykje av risikoen knytt til drift og vedlikehald av vegnettet plassert hos entreprenørane. Etter departementets syn kan det stillast spørsmål ved om dette er den beste løysinga. Departementet opplyser at det kan bli aktuelt at fleire oppgåver blir bestilte særskilt, og ikkje definerte gjennom funksjonsansvar. Dette vil overføre meir av risikoen til Statens vegvesen.

1.2.2 Manglar ved styringa og oppfølginga av drift og vedlikehald av vegnettet

1.2.2.1 MANGELFULL RAPPORTERING OM DRIFTSTILSTANDEN PÅ VEGNETTET

Stortinget stiller gjennom løyvingsreglementet § 9 krav om mål- og resultatstyring som styringsform i forvaltninga. Krava er førte vidare og konkretiserte i økonomireglementet for staten. Der er det slått fast at verksemdene skal fastsetje mål og resultatkrav innanfor ramma av disponible ressursar og føresetnader gitt av overordna styremakt, og sikre at ein når fastsette mål og resultatkrav, og at ressursbruken er effektiv. For å sikre at mål og resultatkrav blir nådde

på ein effektiv måte, skal verksemdene rapportere om måloppnåing og resultat internt og til overordna styresmakt.

Undersøkinga viser at Samferdselsdepartementet gjennom tildelingsbrev til Statens vegvesen har fastsett mål på drifts- og vedlikehaldsområdet. Vidare har Statens vegvesen nedfelt mål for tryggleik og framkomstforhold på vegnettet gjennom resultatavtalane mellom vegdirektøren og regionvegsjefane. Desse måla er førte vidare i resultatavtalane mellom regionvegsjefane og distriktsvegsjefane. Vegdirektoratet har også fastsett rammer for etatens arbeid med funksjonskontraktar gjennom blant anna handbøker og rundskriv.

Frå 2007 har Samferdselsdepartementet stilt strengare krav til rapportering når det gjeld funksjonskontraktar. Undersøkinga viser likevel at fleire av krava ikkje er innfridde, og at departementet ikkje mottok rapportering som gir systematisk tilbakemelding om oppfølginga av styringssignal som gjeld funksjonskontraktar. Samferdselsdepartementet har i tildelingsbrev blant anna peikt på at Statens vegvesen skal prioritere tiltak som er viktige for trafikkstryggleiken, og då særleg oppgåver retta mot vegstrekningar med mange og alvorlege ulykker. Departementet har likevel ikkje innhenta rapportering som gir konkret tilbakemelding om korleis dette styringssignalet blir følgt opp.

Undersøkinga viser òg at det ikkje ligg føre rapportering – verken internt i Statens vegvesen eller til Samferdselsdepartementet – som gir påliteleg informasjon om tilstanden når det gjeld drift av vegnettet. Rapporteringa gjeld primært utgreiingar om tiltak og styringsutfordringar og økonomiske data, og inneheld i lita grad resultatinformasjon. Rapporteringa gir ikkje systematisk informasjon om kvaliteten på driftsarbeidet til entreprenørane. Det manglar dermed grunnlag for å vurdere om drifta er utført i samsvar med fastsette standardar, og for å samanlikne kvalitet mellom forskjellige kontraktar, entreprenørar og distrikt.

Den resultatinformasjonen som ligg føre, er i all hovudsak basert på brukarundersøkingar. Dei kan medverke til å sikre brukarperspektivet ved å gi eit bilete av korleis trafikantane opplever tilstanden på vegnettet. Vegdirektoratet har likevel i intervju hevd at undersøkingane ikkje er eigna som styringsinformasjon i oppfølginga av funksjonskontraktane. Dette kjem blant anna av at brukarane ikkje tek omsyn til standardkrav, og at svara deira ikkje kan knytast til spesifikke kontraktområde.

På bakgrunn av desse manglane i rapporteringa er det i undersøkinga stilt spørsmål om Samferdselsdepartementet og leiinga i Statens vegvesen har tilstrekkeleg styringsinformasjon til å kunne vurdere

om drifta av vegnettet skjer i samsvar med fastsette standardar.

1.2.2.2 MANGELFULL STYRING OG OVERSIKT OVER DRIFTSTILSTANDEN PÅ VEGNETTET

Reglementet for økonomistyring i staten slår fast at styringssystemet i departementet skal sikre tilstrekkeleg styringsinformasjon og forsvarleg avgjerdsgrunnlag. Departementet skal i tillegg fastsetje overordna mål og styringsparametrar for dei underliggjande verksemdene for å kunne vurdere måloppnåing og resultat.

Den jamlege oppfølginga for å sikre tilstrekkeleg kvalitet på leveransane frå entreprenørane er delegert frå Vegdirektoratet til regionvegsjefane. Regionane har likevel i intervju peikt på at det er distrikta som har den utøvande makta knytt til funksjonskontraktane, og at regionnivået ikkje har ei systematisk oppfølging av distrikta for å innhente oversikter over tilstanden når det gjeld drift av vegnettet. Regionane sit ikkje med aggregerte data eller samanfattande vurderingar av kvaliteten på drifta i dei ulike kontraktområda.

Undersøkinga viser òg at byggjeleiarane ser veikskapar ved forvaltninga av funksjonskontraktane. Om lag to tredelar av byggjeleiarane gir i spørjeundersøkinga uttrykk for at systemet med funksjonskontraktar berre i noka eller i lita grad gir byggjeleiararen tilstrekkeleg oversikt over tilstanden på vegnettet. Dette inneber at mange av dei som har det utøvande ansvaret for å sikre tilstrekkeleg kvalitet på leveransar frå entreprenørane, meiner at deira eiga oversikt over tilstanden på vegnettet ikkje er tilstrekkeleg. I undersøkinga er det på denne bakgrunn stilt spørsmål om Statens vegvesen har sett i verk tilstrekkelege tiltak for å sikre nødvendig oversikt.

Ei god oversikt over driftstilstanden på vegnettet på alle nivå er sentralt for at departementet og leiinga i Statens vegvesen skal kunne gi tilstrekkelege og relevante styringssignal. Derfor er det i undersøkinga peikt på at det er grunn til å stille spørsmål ved at store kontraktverdiar blir forvalta i ytste ledd i verksemda utan at leiinga i Statens vegvesen har sørgd for at det er etablert styringssystem som i større grad sikrar oppfølging av om ein oppnår tilfredsstillande resultat. Det blir i undersøkinga også stilt spørsmål om Samferdselsdepartementet har følgt opp det overordna ansvaret sitt for at Statens vegvesen som underliggjande etat har styringssystem som sikrar forsvarleg gjennomføring og tilstrekkeleg styringsinformasjon.

Samferdselsdepartementet understrekar i svarbrevet sitt at det er viktig å undersøkje om rapporteringa av driftstilstanden på vegnettet er tilfredsstillande. Departementet viser til Riksrevisjonens funn knytte til mangelfull rapportering og ulik praksis frå

region til region, og stadfestar dessutan at ansvar ser ut til å vere skuva langt ut i organisasjonen. Etter departementets syn er dette problemstillingar som Vegdirektoratet vil ta tak i ved å sjå på ulike typar organisering, under dette om Vegdirektoratet skal ha ei sterkare rolle.

1.2.2.3 MANGLANDE EVALUERINGAR AV EIT OMRÅDE MED STORE STYRINGS-UTFORDRINGAR

Etter økonomireglementet § 16 skal alle verksemdar sørge for at det blir gjennomført evalueringar for å få informasjon om effektivitet, måloppnåing og resultat innanfor heile eller delar av ansvarsområdet til verksemda og aktivitetane ho driv. Evalueringane skal kaste lys over kor formålstenleg for eksempel eigarskap, organisering og verkemiddel er. Frekvensen og omfanget av evalueringane skal avgjerast ut frå "virksomhetens egenart, risiko og vesentlighet".

Undersøkinga viser at Vegdirektoratet ved fleire høve har gitt departementet utgreiingar om styringsutfordringar i samband med oppfølging av funksjonskontraktar. Blant anna er departementet gjort kjent med prisaukar, utfordringar knytte til implementering av nye kvalitetssystem, problem med leveransar under ekstraordinære vêrforhold og ressursproblem knytte til å gjennomføre stikkprøvekontrollar.

Undersøkinga viser likevel at det ikkje er gjort systematiske evalueringar på dette området, verken av Vegdirektoratet eller av departementet. Samferdselsdepartementet har i St.meld. nr. 16 (2008–2009) Nasjonal transportplan 2010–2019 signalisert at departementet i 2009 vil setje i gang ei evaluering av konkurranseutsetjinga av drifts- og vedlikehaldsoppgåvene. På bakgrunn av krav i økonomireglementet og dei nemnde veikskapane i den ordinære rapporteringa, er det i undersøkinga stilt spørsmål om ikkje Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet tidlegare burde ha innhenta systematisk kunnskap om eit område med styringsutfordringar, for å sikre at midlane som blir løyvde til kjøp av drifts- og vedlikehaldstenester gjennom funksjonskontraktar, blir forvalta på ein effektiv måte.

Samferdselsdepartementet opplyser i svarbrevet sitt at evalueringa som blei varsla i Nasjonal transportplan 2010–2019, no er sett i gang. Etter departementets syn vil det vere naturleg at evalueringa omfattar mange av problemstillingane som er tekne opp i Riksrevisjonens undersøking.

1.2.2.4 LÅGT KONTROLLNIVÅ I MANGE KONTRAKTAR OG MANGELFULL OPPFØLGING

Samferdselsdepartementet har gjennom Statens vegvesen ansvaret for at drift og vedlikehald på vegnettet skjer i samsvar med Stortingets føresetnader om gode og sikre framkomstforhold for trafikantane heile året. Stikkprøvekontrollar er eitt av verkemidla for å sikre at drifta av vegnettet er rettidig og blir utført med riktig kvalitet.

Samferdselsdepartementet har i tildelingsbrev for 2007, 2008 og 2009 understreka Vegvesenets kontrollansvar med utføringa av funksjonskontraktane. Byggherren skal i tråd med fastsette planar kontrollere tilstanden på vegane gjennom stikkprøvekontrollar. Formålet er å sikre at entreprenøren utfører arbeidet i samsvar med fastsette kontraktkrav. Det er tilrådd eit kontrollomfang på 1–4 dagsverk per kontrakt per måned. Dette kontrollomfanget skal sikre oppfølging av kontraktar med ein gjennomsnittleg kontraktsum på om lag 92 mill. kroner.

Undersøkinga viser at Statens vegvesen har auka kontrollverksemda dei seinare åra. Ein gjennomgang av rapporteringa av kontrollverksemda viser likevel at det for mange kontraktar blir brukt lite ressursar til kontroll samanlikna med det tilrådde kontrollomfanget. Vidare viser undersøkinga at det faktiske kontrollnivået er lågare enn det som går fram av fastsette kontrollplanar. I spørjeundersøkinga gir dessutan fire av fem byggeleiarar uttrykk for at det ikkje er nok byggherreressursar til å føre tilstrekkeleg og forsvarleg kontroll med vegnettet. Dette blir stadfesta i intervju med Vegdirektoratet og regionane. Det er i undersøkinga stilt spørsmål om omfanget av stikkprøvekontrollane er tilstrekkeleg til å sikre tilfredsstillande kvalitet på arbeidet til entreprenørane.

I rapporteringa om kontrollverksemda er det gitt opplysningar om kor mange dagsverk som er brukte til kontroll, og kor mange strekningar som er kontrollerte. Undersøkinga viser at data ikkje blir systematisk analyserte, verken på regionnivå eller i Vegdirektoratet. Vegdirektoratet har i intervju framheva at kontrollnivået i den enskilde regionen er regionvegvesens ansvar. Vegdirektoratet er likevel kjent med at det for visse kontraktar i praksis ikkje blir gjennomført kontroll. Direktoratet har i visse tilfelle sendt data vidare til Samferdselsdepartementet gjennom den ordinære, periodiske rapporteringa. Gjennom denne rapporteringa blir det opplyst om omfanget av kontrollverksemda, men desse data er ikkje sedde i samheng med planlagt og tilrådd kontrollnivå. På bakgrunn av at departementet har understreka at kontrollansvaret til Statens vegvesen er viktig, blir det i undersøkinga stilt spørsmål om Vegdirektoratets oppfølging overfor regionane har vore tilstrekkeleg. Det er i undersøkinga også stilt spørsmål om departe-

mentet har hatt tilstrekkeleg styringsinformasjon for å kunne vurdere om kontrollansvaret er sikra på ein tilfredsstillande måte.

1.2.2.5 ØKONOMISKE SANKSJONAR – ULIK PRAKSIS, LITE OMFANG OG MANGLANDE STYRINGSINFORMASJON

Dersom entreprenøren ikkje held ved lag etablerte standardar og rutinar, har Statens vegvesen som byggherre høve til å setje i verk økonomiske sanksjonar overfor entreprenøren.

Statens vegvesen utarbeidde i 2007 ein instruks for handtering av manglar og sanksjonar. Undersøkinga viser at det før implementeringa av den nye instruksen ikkje var gitt sentrale retningslinjer for når det skulle påleggjast sanksjonar, og kor store sanksjonssummane skulle vere. For eksempel hadde to regionar utarbeidd kvart sitt skjema for dette. Regionane har stadfesta i intervju at bruk av sanksjonar i stor grad har vore eit skjønsspørsmål for den ein-skilde byggeleiaren. I undersøkinga er det stilt spørsmål om dette kan sameinast med prinsippet om likebehandling av entreprenørar. I intervju har fleire regionar og distrikt gitt uttrykk for at den nye instruksen i større grad sikrar lik praksis og klarleik i når og korleis sanksjonar skal brukast.

Fleirtalet av regionane har i intervju trekt fram entreprenørens økonomiske interesser som ei årsak til mangelfull utføring av arbeidet ute på vegen. Alle regionane har dessutan understreka at sanksjonar er eit nødvendig verkemiddel for å oppnå ønskt kvalitet. Undersøkinga viser likevel at omfanget av sanksjonar utgjer berre nokre få promille av omsetninga gjennom funksjonskontraktane. Det er i intervju vist til at det er ein samanheng mellom kontrollar og sanksjonar ved at det i kontraktområde med fleire kontrollar også har vore ein auke i bruk av sanksjonar. Undersøkinga viser at kontrollomfanget i mange tilfelle er lågt. Dette, kombinert med eit svært lite omfang av sanksjonar sett i forhold til det totale kontraktvolumet, ligg til grunn for at det i undersøkinga er stilt spørsmål om entreprenørane har hatt tilstrekkelege incentiv til å levere høg kvalitet på drifta av vegnettet.

Etter Vegdirektoratets overslag låg dei økonomiske sanksjonane i tilknytning til drift og vedlikehald av riksvegar på ca. 15 mill. kroner i perioden 2003–2008. Etter Vegdirektoratets syn gir ikkje rekneskapsen eit fullstendig bilete av omfanget av økonomiske sanksjonar. Årsaker til dette er blant anna at rekneskapsposten også omfattar dagbøter knytte til investeringsprosjekt, og at det har vore ulik rekneskapsføring av sanksjonar i perioden. Vegdirektoratet har vidare opplyst at det ikkje har utarbeidd oversikt over kor stor del dei økonomiske sanksjonane utgjer av det totale kontraktvolumet. På bakgrunn av mangl-

full rekneskapsføring og manglande analysar er det i undersøkinga stilt spørsmål om Vegdirektoratet i tilstrekkeleg grad har sikra seg styringsinformasjon om bruken av sanksjonar som eit sentralt verkemiddel i oppfølginga av entreprenørane.

1.2.2.6 MANGLAR VED RAPPORTERING FRÅ ENTREPRENØRAR

Statens vegvesens styring og oppfølging av entreprenørane er basert på at desse har etablert eit kvalitetssystem i samsvar med krava i kontrakten. Sidan 2008 er det stilt krav om at kvalitetssystemet skal vere i samsvar med ISO-standardar. Som ein del av dette har entreprenørane fått eit stort ansvar for eigenkontroll. Samtidig er det stilt sterkare krav til rapporteringa frå den ein-skilde entreprenøren til byggherren.

For kontraktar som er inngådde frå og med 2008, er det innført krav om at entreprenørane som ein rutine skal gi tilstandsrapportering i det elektroniske rapporteringssystemet ELRAPP kvar 14. dag, i tillegg til jamleg avvikrapportering. Tilstandsrapporteringa er ei samleoversikt som blant anna skal vise kva for driftsprosessar som er inispiserte og funne i orden. Det skal òg gå fram korleis avvik skal følgjast opp.

Ein gjennomgang av tilstandsrapporteringa viser at ein del entreprenørar ikkje etterlever fastsette rapporteringskrav. Rapporteringa er av varierende regularitet, og innhaldet og detaljeringsnivået i rapporteringa er vekslende sidan entreprenørane i hovudsak sjølv utformar skjemaet for tilstandsrapportering. Manglane i rapporteringa frå mange av entreprenørane blir også stadfesta i spørjeundersøkinga.

Innføringa av ISO-standardar, med vekt på kvalitetssystem og eigenkontroll hos entreprenørane, føreset at rapporteringa er av ein kvalitet som sikrar byggherren god oversikt over tilstanden på vegnettet. På bakgrunn av dei nemnde manglane ved rapporteringa er det i undersøkinga stilt spørsmål om byggherren har grunnlag for tilstrekkeleg og forsvarleg kontroll med entreprenørane.

1.2.2.7 SVAK KONKURRANSE PÅ ENTREPRENØRMARKNADEN

I samband med omorganiseringa av Statens vegvesen blei konkurranseutsetjing trekt fram som eit verkemiddel for å oppnå størst mogleg effektivitet. Konkurranse mellom leverandørane er ein føresetnad for at det kan gjennomførast effektive anskaffingar.

Undersøkinga viser at det for 37 pst. av kontraktane som var sette i verk i åra 2003–2009, berre var éin eller to entreprenørar som la inn tilbod då kontraktane blei utlyste. Konkurransesituasjonen er særleg krevjande i Region midt og Region nord, der det for høvesvis to tredelar og halvparten av kon-

traktane har vore færre enn tre tilbydarar. Vegdirektoratet stadfestar i intervju at det vurderer prosessar med færre enn tre tilbydarar som lite tilfredsstillande for å sikre tilstrekkeleg konkurranse.

Vidare viser undersøkinga at marknaden er dominert av tre entreprenørar når kontraktane blir lyste ut: Mesta AS, Kolo Vegdekke AS og NCC. Mesta AS hadde ansvaret for 61 pst. av kontraktane som var i drift per 31. desember 2008, og har såleis ei svært dominerande rolle i marknaden.

Vegdirektoratet har prøvd ut ulike kontraktstrategiar for å auke konkurransen på entreprenørmarknaden. Det er likevel enno ikkje sett i gang eit systematisk arbeid for å prøve ut ulike kontraktstrategiar.

På bakgrunn av dei nemnde forholda, er det i undersøkinga stilt spørsmål om det i tilstrekkeleg grad er oppnådd konkurranse om funksjonskontraktane.

I svarbrevet sitt viser Samferdselsdepartementet til at Statens vegvesen har sett i verk fleire tiltak for å betre konkurransen om funksjonskontraktane. Departementet peiker på at det på dette feltet har vore dialog med entreprenørbransjen, og at det er hausta erfaringar frå europeiske land. Departementet opplyser at Vegdirektoratet vil følgje opp dette arbeidet for å sikre best mogleg konkurranse gjennom utprøving av nye kontraktformer.

1.2.2.8 ANDRE KOMMENTARAR

Samferdselsdepartementet opplyser elles i svarbrevet sitt at det er kjent med at Statens vegvesen har hatt jamleg evaluering og diskusjon av kontraktformer gjennom seminar og møte der også entreprenørar har delteke. Det har òg vore ein dialog med vegstyresmakter i andre land som har erfaring på området. Departementet peiker òg på at det har skjedd ei oppdatering i systemet for oppfølging av funksjonskontraktane, slik at det betre enn før kan sikre at det som er bestilt gjennom funksjonskontraktane, blir levert. Dette skjer ved betre kvalitetsrutinar hos entreprenøren, nye rutinar for stikkprøvekontrollar og nytt IT-system for kontinuerleg oppfølging av kontraktarbeidet.

Samferdselsdepartementet understrekar vidare at det har vore aukande fokusering på funksjonskontraktar både i Statens vegvesen og i departementet. Etter departementets syn er det likevel ingen tvil om at det framleis er eit klart potensial for forbetring og vidareutvikling. Riksrevisjonens rapport vil vere eit viktig bidrag i det vidare arbeidet, opplyser departementet.

1.3 Riksrevisjonens merknader

Undersøkinga viser at det gjennom dei kontraktvise evalueringane av drifts- og vedlikehaldsarbeidet som entreprenørane gjer, er påvist mangelfull utfø-

ring, og det gjeld både vinterdrift, punktlegskap og kvalitet på levert produkt. Vidare er det gjennom caseundersøkinga av utvalde vegstrekningar dokumentert ei rekkje avvik blant anna i forhold til krava til føretilstand i vintersesongen. Riksrevisjonen understrekar at utføringa av drift og vedlikehald av vegnettet skal helde ein kvalitet som er tilstrekkeleg til å medverke til gode og sikre framkomstforhold for trafikantane heile året.

Riksrevisjonen har merkt seg at Samferdselsdepartementet har nedfelt mål som er relevante for funksjonskontraktar. Undersøkinga viser likevel at departementet ikkje mottek rapportering som gir systematisk tilbakemelding på om styringssignal som gjeld funksjonskontraktar, blir følgde opp. Blant anna har Samferdselsdepartementet i tildelingsbrev peikt på at Statens vegvesen innanfor drift og vedlikehald skal prioritere tiltak som er viktige for trafikktryggleiken. Departementet har likevel ikkje innhenta rapportering som gir konkret tilbakemelding på korleis dette styringssignalet blir følgt opp. Undersøkinga viser vidare at det ikkje ligg føre rapportering som gir påliteleg informasjon om driftstilstanden på vegnettet. Riksrevisjonen stiller spørsmål ved korleis Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen kan vurdere om drifta av vegnettet skjer i samsvar med fastsette standardar og prioriteringar utan slik informasjon.

Undersøkinga viser at det er etablert eit desentralisert styringssystem for drift og vedlikehald av vegnettet. Dette kjem til uttrykk ved at oppfølgingsansvaret for funksjonskontraktar er delegert frå Vegdirektoratet til regionane og vidare til distrikta og den einskilde byggjeleiaren. Gjennom funksjonskontraktane blir dermed store kontraktverdiar forvalta i ytste ledd av verksemda utan at det er etablert styringssystem som i tilstrekkeleg grad sikrar oppfølging av om ein oppnår tilfredsstillande resultat. Samferdselsdepartementet seier seg einig i at ansvar er skuva langt ut i organisasjonen, og viser til at Vegdirektoratet skal vurdere ulike typar organisering, under dette om direktoratet skal ha ei sterkare rolle. Riksrevisjonen ser positivt på dette, men vil samtidig understreke at Samferdselsdepartementet har overordna ansvar for at Statens vegvesen som underliggjande etat har styringssystem som sikrar forsvarleg gjennomføring og tilstrekkeleg styringsinformasjon.

Riksrevisjonen har merkt seg at Statens vegvesen har auka kontrollverksemda dei seinare åra. Undersøkinga viser likevel at det for mange kontraktar blir brukt lite ressursar til kontroll, og at det faktiske kontrollnivået er lågare enn det som er planlagt ut frå fastsette kontrollplanar. I lys av at funksjonskontraktane er samfunnsmessig og økonomisk svært viktige, peikar Riksrevisjonen på at byggherren i tilstrekkeleg grad må følgje opp det arbeidet entrepre-

nørane gjer for å sikre at drifts- og vedlikehaldsoppgåvene blir utførte med riktig kvalitet. Riksrevisjonen peikar vidare på at det er viktig at entreprenørane får tilstrekkelege incentiv til å levere høg kvalitet på drifta av vegnettet.

Når det gjeld økonomiske sanksjonar, viser undersøkinga at det tidlegare har vore ulik praksis for fastsetjing av desse. Statens vegvesen har innført ein ny sanksjonsinstruks, og Riksrevisjonen føreset at denne vil føre til ein meir einskapleg praksis i bruken av sanksjonar.

Konkurranse mellom fleire entreprenørar vil vere ein føresetnad for at det kan gjennomførast effektive anskaffingar. Undersøkinga viser at det for ein stor del av kontraktane berre er éin eller to entreprenørar som legg inn tilbod, og at marknaden er dominert av nokre få entreprenørar. Samferdselsdepartementet viser til at Vegdirektoratet vil arbeide for å sikre best mogleg konkurranse gjennom utprøving av nye kontraktformer. Riksrevisjonen understrekar at det er viktig å setje i gang eit systematisk arbeid for å stimulere konkurransen på entreprenørmarknaden.

Samferdselsdepartementet viser til ulike tiltak Statens vegvesen har gjennomført for å sikre ei god oppfølging av funksjonskontraktane, både gjennom eigne system og rutinar og gjennom betre kvalitetsrutinar hos entreprenørane. Etter departementets syn er det likevel ingen tvil om at det framleis er eit klart potensial for forbetring og vidareutvikling. Riksrevisjonen merkjer seg at departementet no har sett i gang eit evalueringsarbeid om funksjonskontraktar, og legg til grunn at dette arbeidet fører til betringar både i kvaliteten på drifta av vegnettet og i styringa på området.

1.4 Svar frå Samferdselsdepartementet

Saka er lagd fram for Samferdselsdepartementet, og statsråden har i brev til Riksrevisjonen av 12. august 2009 svart:

«Eg viser til brev av 25.06.2009, vedlagt dokument nr. 3:16 (2008–2009) til Stortinget om Riksrevisjonens gransking av drift og vedlikehald av vegnettet. Eg vil også vise til brev av 29.05.2009 frå Samferdselsdepartementet som svar på Riksrevisjonens sitt utkast til hovudanalyserapport om granskinga av drift og vedlikehald av vegnettet.

Etter mi vurdering tek rapporten opp sentrale problemstillingar knytt til drift og vedlikehald av vegnettet. Det er viktig at vegen trafikantane køyrer på er sikker og held ein god standard. Årleg bruker vi mykje midlar på drift og vedlikehald av vegane og det er nødvendig å ha gode system for å sikre at midlane blir brukte på ein best mogeleg måte.

Riksrevisjonen stiller m.a. spørsmål ved om Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen kan vurdere om drifta av vegnettet skjer i samsvar med fastsette standardar og prioriteringar. Riksrevisjonen meiner det manglar styringssystem som sikrar at sty-

ringssignala frå departementet til Statens vegvesen blir følgt opp. Eg vil her trekkje fram at departementet gjennom m.a. tildelingsbrev og etatsmøte gir klare signal til Statens vegvesen om kva som skal prioriterast. For å sikre at dei fastsette måla faktisk blir oppnådd, er departementet oppteken av at rapporteringa og oppfølginga av desse er så god som mogleg. Departementet vil gå nøye gjennom korleis rapporteringa og oppfølginga kan bli betre.

Riksrevisjonen viser vidare til at det er etablert eit desentralisert styringssystem, der store kontraktssverd blir forvalta i ytterste ledd, men at det ikkje eksisterer gode nok system til å sikre at tilfredsstillande resultat blir oppnådd. Samferdselsdepartementet er samd i at dette er ei utfordring.

Eg registrerer at Riksrevisjonen er positiv til at Vegdirektoratet no skal vurdere ulike typar organisering for å sikre tilfredsstillande måloppnåing. Uavhengig av kva slags organisering direktoratet fell ned på, vil Samferdselsdepartementet ha eit overordna ansvar for at det blir etablert solide styringssystem som varetek behovet for styringsinformasjon.

Det er viktig at byggherren følgjer opp det arbeidet som entreprenørane utfører for å sikre seg at drifts- og vedlikehaldsoppgåvene blir utførte i samsvar med dei krav som er sett i kontraktane. Departementet legg til grunn at den sanksjonsinstruksen som Statens vegvesen no har innført, m.a. vil bidra til å sikre betre kvalitet på arbeidet som blir utført.

For å sikre at ein får ein reell konkurranse i samband med utlysning av funksjonskontraktane er det viktig at det er fleire entreprenørar som legg inn tilbod. Eg har registrert at det ved ei rekkje kontraktar er få entreprenørar som legg inn tilbod. Dette er etter mi meining uheldig. Det er derfor viktig at Vegdirektoratet arbeider vidare med å utvikle nye og meir konkurransefremjande kontraktformer.

I St.meld. nr. 16 (2008–2009) Nasjonal transportplan 2010–2019 blei det varsla at det skal gjerast ei evaluering av konkurranseutsetjinga av drifts- og vedlikehaldsoppgåvene. Eg har notert at Riksrevisjonen legg til grunn at denne evalueringa kan medføre forbetringar både i kvalitet på drifta av vegnettet og i styringa på området. Eg håpar at denne evalueringa vil kunne gi meir informasjon og kunnskap knytt til konkurranseutsetjinga. Vidare er det også eit mål at evalueringa kan gi oss eit betre grunnlag for å kunne vidareutvikle og forbetre funksjonskontraktane.»

1.5 Uttale frå Riksrevisjonen

Stortinget har gjennom handsaminga av St.prp. nr. 1 føresett at drifta av vegnettet skal vere rettidig og utførast med riktig kvalitet. Tilsvarande understrekar Samferdselsdepartementet at det er viktig at den vegen trafikantane køyrer på, er sikker og held god standard. Riksrevisjonen ser derfor alvorleg på at det er identifisert mangelfull utføring av driftsarbeidet på ei rekkje vegstrekningar.

Undersøkinga viser vidare omfattande manglar i styringssystemet. Rapporteringa om drift av vegnettet er mangelfull, blant anna fordi ho ikkje gir påliteleg informasjon om driftstilstanden på vegnettet. Trass i den desentraliserte organiseringa som er valt, er det ikkje etablert styringssystem som i tilstrekke-

leg grad sikrar at verksemdsleiinga følgjer opp om ein oppnår tilfredsstillande resultat. Samferdselsdepartementet seier seg einig i at dette er ei utfordring. Riksrevisjonen merkjer seg i den samanheng at ulike typar organisering blir vurderte, og at Samferdselsdepartementet vil gå nøye gjennom korleis rapporteringa og oppfølginga kan bli betre. Riksrevisjonen legg til grunn at dette fører til etablering av eit styringssystem som sikrar nødvendig resultatinformasjon og dermed er eit godt grunnlag for heilskapleg og overordna styring.

Samferdselsdepartementet legg vekt på at sanksjonsinstruksen som Statens vegvesen har innført, vil medverke til å sikre betre kvalitet på arbeidet som blir gjort. Riksrevisjonen ser positivt på at Vegdirektoratet har innført ein ny sanksjonsinstruks, men vil samtidig understreke behovet for tett oppfølging av entreprenørane – i form av både stikkprøvekontrollar og samarbeid med sikte på forbetringar i kvalitetssystemet til entreprenørane.

Riksrevisjonen har merkt seg at departementet seier seg einig i at manglande konkurranse i samband med utlysing av funksjonskontraktane er uheldig. Departementet understrekar at det derfor er viktig at Vegdirektoratet arbeider vidare med å utvikle nye og meir konkurransefremmande kontraktformer. Riksrevisjonen føreset at Samferdselsdepartementet følgjer opp at det blir gjort eit systematisk arbeid for å stimulere konkurransen i entreprenørmarknaden.

Samferdselsdepartementet viser til at det årleg blir brukt store midlar på drift og vedlikehald av vegnettet, og at det er nødvendig med gode system for å sikre at midlane blir brukte på best mogleg måte. Riksrevisjonen legg til grunn at den kommande evalueringa av konkurranseutsetjinga av drifts- og vedlikehaldsoppgåvene vil medverke til dette.

2. Behandlingen i komiteen

Komiteen sendte 24. november 2009 spørsmål til samferdselsministeren vedrørende Dokument nr. 3:16 (2008–2009). Statsråden svarte i brev av 1. desember 2009.

I brev datert 26. november 2009 sendte komiteen ytterligere spørsmål i saken. Statsråden besvarte spørsmålene i brev av 8. desember 2009.

Korrespondansen følger som vedlegg til innstillingen.

Som ledd i behandlingen av saken gjennomførte komiteen en åpen kontrollhøring 8. februar 2010.

De problemstillingene komiteen ønsket å få belyst under høringen var:

1. Mangler ved drift og vedlikehold av vegnettet og ansvar for dette.

2. Svak og mangelfull rapportering som medfører at departement og Statens vegvesen ikke har styring og oversikt over driftstilstanden.
3. Anbudsprosesser og konkurranse i relasjon til kostnadsvekst.
4. Konsekvenser for trafikksikkerhet og fremkommelighet på veiene.
5. Fremtidige konsekvenser som følge av regionreform og fylkeskommunenes økte ansvar.

Følgende ble invitert og møtte til høring:

- vegdirektør Terje Moe Gustavsen
- tidligere samferdselsminister Liv Signe Navarsete
- samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa.

Det stenografiske referatet fra den åpne kontrollhøringen følger som vedlegg til innstillingen.

Komiteen har også anmodet brukerorganisasjonene om å komme med skriftlige innspill i saken. Følgende organisasjoner har sendt inn skriftlige innspill:

- Norges Lastebileier-Forbund (NLF)
- Trygg Trafikk
- Norsk Motorcykel Union (NMCU)
- Norges Automobil-Forbund (NAF)
- Syklistenes Landsforening
- Bilaksjonen
- Opplysningsrådet for Veitrafikken (OFV)

De skriftlige innspillene følger som vedlegg til innstillingen.

3. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bendiks H. Arnesen, Martin Kolberg og Marit Nybakk, fra Fremskrittspartiet, lederen Anders Anundsen, Ulf Erik Knudsen og Øyvind Vaksdal, fra Høyre, Per-Kristian Foss, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Senterpartiet, Heidi Greni, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, og fra Venstre, Trine Skei Grande, har merket seg og slutter seg til målsettingen om at drift og vedlikehold av vegnettet skal medvirke til god og sikker fremkommelighet for trafikantene hele året og at dette må utføres med riktig kvalitet og til riktig tid.

Komiteen har videre merket seg at det i Riksrevisjonens rapport påpekes mangler ved kvaliteten på drift av vegnettet, mangelfull rapportering om driftstilstanden på vegnettet og mangelfull styring og

oversikt over driftstilstanden på vegnettet. Riksrevisjonen påpeker også manglende evalueringer av et område med styringsutfordringer, lavt kontrollnivå og mangelfull oppfølging i mange kontrakter, ulik praksis ved økonomiske sanksjoner, mangelfull rapportering fra entreprenører, svakheter ved evaluering av entreprenører samt svak konkurranse.

Komiteen viser til at det ble gjennomført en åpen kontrollhøring 8. februar 2010 og at ulike brukergrupper er blitt invitert til å komme med skriftlige innspill i sakens anledning.

Komiteen har merket seg at Norges Lastebileier-Forbund (NLF) ifølge brev til komiteen av 4. februar 2010 i mange sammenhenger har tatt opp problemstillinger knyttet til drift og lettere vedlikehold av vegnettet etter at regimet med funksjonskontrakter startet opp i 2003. NLF har gjennom flere år gjennomført undersøkelser blant sine medlemmer og jevnlig formidlet resultatet av disse til Vegdirektoratet.

Komiteen merker seg NLFs påpeking av at Riksrevisjonens undersøkelse omfatter drift og i noen grad lettere vedlikehold av vegnettet og anbefaler at Riksrevisjonen gjennomfører en tilsvarende undersøkelse når det gjelder ordinært vedlikehold. Komiteen slutter seg til denne anbefalingen.

Komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre, har videre merket seg at NLF i likhet med Trygg Trafikk og Norges Automobil-Forbund uttrykker bekymring for at regionreformen kan medføre større forskjeller i drift og vedlikehold av vegnettet. NLF krever i tillegg at staten definerer minstestandarder for drift og vedlikehold av fylkesvegnettet.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet slutter seg til kravet fra NLF om at det må defineres minstestandarder for drift og vedlikehold av alle deler av vegnettet, og vil i tillegg ta til orde for en klar definisjon av på hvilket tidspunkt man må sette i gang tiltak for vedlikehold og drift på hele vegnettet.

Disse medlemmer deler bekymringen som fremkommer fra de tre overnevnte organisasjoner om drift og vedlikehold etter regionreformen og vil i likhet med NAF være kritiske til den pulveriseringen av ansvaret dette medfører.

Disse medlemmer viser også til pressemelding datert 13. februar 2009 fra 12 landsomfattende organisasjoner der man fryktet at regjeringen velter veiforfaller over på fylkeskommunene.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og

Senterpartiet viser til følgende spørsmål fra Per-Kristian Foss under kontrollhøringen:

«Enkelte frykter jo også at Regionreformen, som du har omtalt tidligere, vil føre til større forskjeller i drift og vedlikehold av veinettet. Poenget er vel at fylkene er selvstendige? Frykter du at slike forskjeller vil være et problem – for trafikksikkerhet og for drift og vedlikehold?»

og svaret fra statsråd Magnhild Meltveit Kleppa:

«Eg er ikkje uroleg for det, eg trur faktisk at det vil bli større fokus på vedlikehald i det einstilte fylket. Så er det jo slik at det er ikkje prikk likt i dag heller, frå fylke til fylke og på alle vegar. Men her ligg altså to grunnleggjande element fast: Det eine er handboka, som fortel om standard, og det andre er at det framleis skal vera sams vegadministrasjon.»

Komiteen har registrert at brukerorganisasjoner som Norges Lastebileier-Forbund, Trygg Trafikk og Norsk Motorcykel Union mener at det må opprettes et uavhengig veitilsyn som får ansvar for å ivareta trafikantenes behov for sikkerhet og fremkommelighet, og som vil føre tilsyn med at intensjonene i lovverket og i politiske vedtak blir fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Komiteen har merket seg at samferdselsministeren vil komme tilbake til dette og ser frem til en slik tilbakemelding.

Komiteen har videre merket seg evalueringen fra Statens vegvesens byggeledere som påpeker mangelfull utføring av drifts- og vedlikeholdsarbeidet, og komiteen ser i likhet med Vegdirektoratet at dette resultatet ikke er tilfredsstillende.

Komiteen har i tillegg merket seg SINTEFs undersøkelser av vinter- og sommerdrift på utvalgte strekninger som viser en rekke avvik i forhold til de krav som var fastlagt i kontrakter, og komiteen vil i likhet med Riksrevisjonen stille seg tvilende til om kvaliteten på driftsarbeidet er tilstrekkelig til å medvirke til god og sikker fremkommelighet for trafikantene året rundt.

Komiteen har også merket seg at de rapporteringskrav som er fastsatt av Samferdselsdepartementet ikke er innfridd og at departementet ikke mottar rapportering som gir systematisk tilbakemelding på om styringssignal som gjelder funksjonskontrakter blir fulgt opp.

Komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre, finner det lite tilfredsstillende at departementet ikke har innhentet særskilt rapportering om hvorledes trafikksikkerhet blir fulgt opp i relasjon til drift og vedlikehold, særlig på vegstrekninger med mange og alvorlige ulykker, til tross for at dette er pekt på i tildelingsbrevene.

God oversikt over driftstilstanden på veinettet på alle nivåer er sentralt for at departement og ledelse i Statens vegvesen skal kunne gi tilstrekkelige og relevante styringssignaler. I Riksrevisjonens rapport stilles det spørsmål om Samferdselsdepartementet har fulgt opp sitt overordnede ansvar overfor Statens vegvesen som underliggende etat, og om vi har det styringssystem som sikrer

forsvarlig gjennomføring og tilstrekkelig styringsinformasjon.

På hvilket tidspunkt ble tidligere samferdselsminister gjort oppmerksom på disse kritikkverdige forhold, og hva ble gjort fra hennes side for å bringe disse forhold i orden?

Liv Signe Navarsete: Eg har ikkje hatt nokon klare indikasjonar på det som Riksrevisjonen no tek opp, før rapporten frå Riksrevisjonen kom. Det som eg hadde som indikasjon, var vekst i talet på klager, spesielt på vintervedlikehaldet, noko som førte til at eg tok opp den problemstillinga i mine møte med Statens vegvesen, og det var òg teke opp spesielt i tildelingsbrev, der det kvart år var stressa at trafikktryggleik skulle prioriterast same kva, innanfor dei rammene som var gitt. Me hadde etatsmøte – og det har ein vel framleis – der òg desse tema vart sette på dagsordenen, fordi eg stilte spørsmål ved det nye systemet. Det gjorde eg mange gonger i løpet av mi statsråttid. Eg vurderte òg å setje i gang ei evaluering på eit tidlegare tidspunkt, men vart av faglege årsaker rådd frå det, for systemet måtte verke ei stund før ein starta ei evaluering. Derfor vart ho fyrst sett i gang i 2009, og fordi ein no er i gang med den – kanskje eg skal seie – ordinære rulleringa av kontraktane, ser ein òg kostnadsnivået på ein betre måte enn ein gjorde for et par år tilbake.

Øyvind Vaksdal (FrP): Viser ikke det at det at du ikke visste, i seg selv bare viser at her var det manglende rapporteringsrutiner?

Liv Signe Navarsete: Du kan kanskje dra det den vegen. Samtidig har me mange rapporteringar frå Statens vegvesen. I 2007 og 2008 vart det laga egne rapportar til Samferdselsdepartementet, og i dei møta som eg viste til, var dette jamt eit tema. Men det at me såg at det var klager på spesielt vintervedlikehaldet, uroa statsråden, og det vart teke opp i møte, og det vart òg spesiell rapportering om det.

Det er òg viktig å seie at etter ekstremvêret på Sørlandet i 2007 vart det sendt brev til Statens vegvesen, og det vart òg ei eiga rapportering i forhold til dette, som er knytt til same tema.

Øyvind Vaksdal (FrP): Riksrevisjonens rapport listet opp en rekke kritikkverdige forhold ved drift og vedlikehold av veinettet, eksempelvis mangler ved kvaliteten på driften, mangelfull rapportering om driftstilstanden, mangelfull styring og oversikt over driftstilstanden, manglende evalueringer av et område med styringsutfordringer, lavt kontrollnivå, osv., osv. Hvordan har det vært mulig at slike forhold har fått utvikle seg fritt?

Liv Signe Navarsete: Riksrevisjonen peikar på to tilhøve: om Statens vegvesen har tilstrekkeleg kontroll med dei kontraktane og entreprenørane som gjennomfører drifts- og vedlikehaldsarbeidet, og om dei rapporterer godt nok til Samferdselsdepartementet og dermed gir Samferdselsdepartementet godt nok høve til å yte den nødvendige styringa. Eg meiner at Riksrevisjonens rapport ikkje kan tolkast dit hen at alt er gale, men dei peikar på to vesent-

lege sider ved styringssystemet som det er viktig å gå inn i, og som eg no har gått inn i etter at rapporten kom, og som me er i gang med forbetring av.

Eg meiner ut ifrå det forholdet som var etter konkurranseutsetjinga av Mesta etter at funksjonskontraktane skulle tre i kraft – eit heilt nytt system der Sverige og Finland brukte ti og 17 år, men der ein i Noreg skulle bruke eitt år – at Statens vegvesen har gjort ein stor jobb med å implementere det systemet. Det låg i styringssignalet frå Stortinget at entreprenørane skulle overta ein stor del av ansvaret òg for kontroll. Det vart gjort, og det tok vel noko tid før ein såg at det hadde svakheiter. Når ein såg det hadde svakheiter, vart det òg teke tak i i forhold til eit fornya system, bl.a. ELRAPP, som vart etablert i 2007, eit elektronisk rapporteringssystem.

Så eg meiner at ein har gjort mykje godt arbeid, men alt kan gjerast betre. Riksrevisjonen peikar på at det kan gjerast betre, og då må det gjerast.

Øyvind Vaksdal (FrP): Ja, hvordan kan en samferdselsminister gi de nødvendige styringssignalene når en ikke har den nødvendige og korrekte informasjonen?

Liv Signe Navarsete: Eg meiner me fekk god informasjon frå Statens vegvesen i den tida eg sat som samferdsleminister, på veldig mange punkt. Det er òg ei arbeidsdeling, som det nødvendigvis må vere, mellom Statens vegvesen og Samferdsledepartementet. Innanfor den arbeidsdelinga meiner eg Statens vegvesen gav gode rapportar. Men det som er kome fram i Riksrevisjonen sin rapport, viser som sagt at det kan gjerast endå betre. Ein har no på plass eit forbetra rapporteringssystem som ein har hatt opplæring i på alle nivå i Statens vegvesen, som gjer at ein skal heilt ifrå det ytste punktet og inn til det sentrale få ei forbetra rapportering. Det skal implementerast i 2010 – endeleg – og det får statsråd Kleppa gjere meir greie for.

Øyvind Vaksdal (FrP): I de fleste organisasjoner som skal omstille seg eller omorganisere seg, fins det motstandere av slike prosesser. I hvor stor grad mener tidligere samferdselsminister at motstand mot omorganisering har bidratt til å forsterke de kritikkverdige forholdene som Riksrevisjonen har avdekket?

Liv Signe Navarsete: Eg har ingen grunn til å meine at det var sterk motstand mot det systemet då eg kom inn i Samferdselsdepartementet. At det hadde vore det, kjenner eg heller ikkje godt nok til å kommentere, men eg opplevde ein stor iver etter å nå målsetjinga om både å konkurranseutsetje dei kontraktane som skulle konkurranseutsetjast, til rett tid og å oppnå det som eg opplever er ei sterk yrkesstoltheit i Statens vegvesen, nemleg at ein skal ha god kvalitet på vegnettet. Så eg har ikkje noko grunnlag for å seie at den motstanden var med og gjorde det vanskeleg.

Øyvind Vaksdal (FrP): Mener tidligere samferdselsminister det er praktisk mulig å oppfylle Stortingets forutsetninger om trafiksikker og god framkommelighet innenfor de budsjetter man har levert de senere år?

Liv Signe Navarsete: Slitasjen på vegnettet er stor og har vore stor gjennom mange år. Det har vore peika på gjennom mange budsjettproposisjonar, både før denne statsråden si tid og under meg som statsråd, at det er eit etterslep som me ikkje har teke igjen. Men me har auka budsjetta og i alle fall i større grad enn tidlegare halde tritt med utviklinga. Men det at me òg får meir kompliserte system, fleire tunnelar – fleire undersjøiske tunnelar, som kostar mykje å vedlikehalde – gjer det krevjande å halde eit godt nivå på drift og vedlikehald. Det vel eg å vere heilt ærleg på, for det er ei utfordring som vekslende regjeringar og vekslende statsrådar må møte og takle.

Øyvind Vaksdal (FrP): Mener tidligere samferdselsminister at et uavhengig vegtilsyn kunne bidratt positivt til å sørge for bedre kommunikasjon og bedre oversikt over de forholdene som her er avdekket?

Liv Signe Navarsete: Det vert litt vanskeleg å svare heilt konkret på det. På den eine sida kan eit uavhengig vegtilsyn tilføre positiv verdi fordi ein ikkje er bunden av nokon, verken entreprenørar eller forvaltingsorgan. Samtidig er det òg nokre ulemper gjennom å bygge opp ytterlegare byråkrati og kontrollbyråkrati. Eg har ikkje grunnlag for å seie at eit uavhengig vegtilsyn ville ha gjort saka betre slik som ho no ligg, men etter hendinga i Vestfold som alle kjenner til, med tunnelnedfall, sette vi ned eit utval – Ringstad-utvalet – som har lagt fram ei NOU, som har vore på høyring. Det får verte opp til noverande statsråd å vurdere korleis ho skal handterast og behandlast i regjering og eventuelt storting når så langt kjem.

Møtelederen: Takk for det.

Da er neste utspørter Bendiks H. Arnesen fra Arbeiderpartiet, som har 5 minutter til disposisjon. Arnesen – vær så god.

Bendiks H. Arnesen (A): Jeg har forstått på vegdirektøren tidligere i dag at f.eks. prisnivået ikke er redusert etter omorganiseringen, og vi vet, som vi snakket om nå, at Riksrevisjonens rapport inneholder mye kritikk av selve prosessen. Hvis du vurderer dette i ettertid, var dette en fornuftig omorganisering? Kan du si litt om fordelene og ulempene sammenlignet med tidligere ordning?

Liv Signe Navarsete: Det er vel ikkje noka hemmelighet at partiet som eg høyrer til, ikkje bejubla den omorganiseringa, så dersom ein skur klokka tilbake dit, var ikkje dette noko som eg som partimedlem ynskte meg. Men då eg kom inn som statsråd, såg eg det som viktig å late den reforma verke, slik at me kunne sjå konsekvensane av den. Og eg kan med handa på hjartet seie at eg lojalt følgde opp det i forhold til den posisjonen eg hadde for å styre eit departement. Det var eg veldig oppteken av å gjere. Eg opplevde òg at det var stor lojalitet både i Statens vegvesen og i Samferdselsdepartementet i forhold til dei vedtaka som Stortinget hadde gjort.

Når reforma har verka ei stund, kan ein jo sjå, og det

viste seg jo litt etter kvart frå 2007, at kostnadene auka betydeleg – det kan tyde på at entreprenørane hadde underestimert kostnaden, og at ein kjempa for å få kontrakten – at det var tapt mykje pengar, og at ein no er i ferd med å kome tilbake til det som er det reelle nivået, der kostnaden faktisk har stige med over 40 pst. dei to siste åra, noko som sjølv sagt er fortvilande for ein statsråd som skal få budsjettet til å rekke i hop og til å rekke over det ein ynskjer å få gjort. Når ein i tillegg veit at ein òg har mått bygge ut eit byråkrati for å handtere dei komplekse kontraktane og eit kontrollapparat som Riksrevisjonen seier ikkje er godt nok for å kontrollere dei same kontraktane, må ein i alle fall stille spørsmålet, som ein òg gjer i evalueringa, om denne reforma er god nok. Men eg meiner at dei som no evaluerer reforma, er betre i stand til enn eg å gi den endelege konklusjonen i forhold til det.

Så kan det òg hende at noko av den bestillar-/utførarfunksjonen som ein har fått på plass, gir nokre positive effektar. Det er ei vurdering som ein må gjere når ein har alle kort på bordet, og har fått på plass ei skikkeleg evaluering.

Bendiks H. Arnesen (A): Litt i forlengelsen av det mener jeg at Stortinget har sagt at evalueringen av konkurranseutsetting og utskillingen av Mesta også skal inneholde en vurdering av muligheter for å gjenopprette vedlikeholdsfunksjonen innenfor Statens vegvesen. Og siden du var samferdselsminister da kontrakten om denne evalueringsrapporten ble inngått: Ble det tatt med som en del av den jobben som nå skal gjøres?

Liv Signe Navarsete: Det viktigaste no er å få på plass ei vurdering av korleis reforma har verka. Så vil det vere opp til regjering og storting å gjere vurderinga om ein ynskjer å reversere reforma eller finne andre modellar for drift og vedlikehald i tida framover. Så det var ikkje eit hovudpunkt. No må eg memorere litt tilbake – kanskje eg til og med må spørje Ola Brattegard ved mi side for å vere sikker på at eg svarer heilt korrekt her.

Det ligg i alle fall som ein del av dei vurderingane som skal gjerast, om ein kan ta dei oppgåvene inn igjen. Men det vil som sagt vere opp til regjering og storting å gjere dei vurderingane når heile reforma er på plass og ligg på bordet.

Møtelederen: Takk for det.

Da er det Høyres Per-Kristian Foss, som har 5 minutter til disposisjon. Vær så god, Foss.

Per-Kristian Foss (H): Du sa at du som partipolitiker var uenig i den reformen som ble gjennomført. Hvorfor gjorde du ikke om på det da du ble statsråd?

Liv Signe Navarsete: Fordi reforma har ein betydeleg kostnad, både økonomisk – der ein vel la inn nærare ein og ein halv milliard, meiner eg, som Mesta fekk med seg, pluss at det var fleire hundre millionar i kostnad for Statens vegvesen, og det har ...

Per-Kristian Foss (H): Unnskyld at jeg avbryter. Men de pengene ville jo ikke ha forsvunnet? De var fortsatt i Mesta.

Liv Signe Navarsete: Ja, dei var i Mesta. I tillegg brukte ein òg fleire hundre millionar til omorganisering i Statens vegvesen. Det har òg ein betydeleg menneskeleg kostnad og ein organisatorisk kostnad ...

Per-Kristian Foss (H): Du meiner altså at det ikke ville ha vært mulig?

Liv Signe Navarsete: Det ville nok ha vore mogleg, men til ein ganske høg kostnad, var mi vurdering. Eg gjorde den vurderinga med det same eg kom inn, men då eg hadde bestemt meg for å la det verke, så lét eg det verke og var òg – meiner eg sjølv – veldig lojal i forhold til det.

Per-Kristian Foss (H): OK, jeg har bare 5 minutter. Neste spørsmål: Ville det vært mulig i henhold til EØS-reglene å ikke sette veivedlikehold ut på anbud?

Liv Signe Navarsete: Det vart aldri gjort noka vurdering av det, fordi eg ikkje reiste det som ei sak at ein skulle ...

Per-Kristian Foss (H): Men da dere la det inn i rapporten i oppdraget til Dovre?

Liv Signe Navarsete: Unnskyld?

Per-Kristian Foss (H): Var det Dovre International du kalte dette selskapet?

Liv Signe Navarsete: Ja, Dovre Group.

Per-Kristian Foss (H): Dovre Group, ja. Da dere ga oppdraget til dem, vurderte dere da om det ville være i tråd med EØS-reglene å tilbakeføre veivedlikeholdet uten bruk av anbud? For det ville jo ikke være noe særlig poeng å be dem vurdere noe som ikke ville være tillatt i henhold til EØS-reglene.

Liv Signe Navarsete: Det vil jo vere ei oppgåve for Dovre Group å gi dei vurderingane totalt sett når dei skal avleggje sin rapport.

Per-Kristian Foss (H): OK. Jeg trodde det var en oppgave for politiske myndigheter å vurdere en avtale man har inngått med andre lands myndigheter, og ikke for et konsultentselskap. Men det får jeg ...

Liv Signe Navarsete: Unnskyld, eg forstod ikkje heilt.

Per-Kristian Foss (H): Jeg mener at det er du som statsråd som er ansvarlig for å vurdere om det du ber om, er i tråd med EØS-avtalen.

Liv Signe Navarsete: Ja, det meiner eg bestemt at det er.

Per-Kristian Foss (H): Du meiner altså at tilbakeføring og ikke å bruke anbud på veivedlikehold vil være i tråd med EØS-avtalen?

Liv Signe Navarsete: Ja, dersom staten tek alt, har det i alle fall på andre område vore slik at ein kan gjere det, men då må ein altså ta hand om det heile sjølv, meiner eg – det vert nikka ved mi side.

Per-Kristian Foss (H): Litt om dette med prisnivået, som du har beskrevet. Det er vel slik at prisnivået for å få utført veivedlikehold o.l. er en funksjon også av det generelle prisnivået i samfunnet og presset i økonomien totalt. Blant annet har vel også oljeprisen sammenheng med asfaltprisen, så vidt jeg har forstått. Så med andre ord: Det er vel andre faktorer som påvirker prisnivået og kostnadsnivået enn konkurransen på området?

Liv Signe Navarsete: Ja, det er det. Men normalt vil jo den normale prisveksten i samfunnet elles òg spegle seg i prisveksten innanfor dette området.

Per-Kristian Foss (H): Det er vel ikke riktig, for du har selv påpekt flere ganger i Stortinget at prisen på asfalt bl.a. har sammenheng med høy oljepris.

Liv Signe Navarsete: Ja, det er riktig. Unnskyld, kan eg få snakke ferdig?

Normalt vil det følge sånn om lag det som er prisveksten, men når me ser at prisane auka i 2007 med 6 pst. og voks altså til 40 pst. og deretter til 44 pst., og ser ut til òg å liggje der for det ein opna i 2010 – så vidt eg har skjønt – så ligg jo det langt over det som er kopla opp til oljeprisen. Men oljeprisen har jo ein effekt på asfalt, og så er drift og vedlikehald meir enn asfalt. –

Eg vart no mint på at den prisstiginga på 40 pst. er utover prisstiginga.

Per-Kristian Foss (H): Ja, det har vi skjønt. Men det må vel ha sammenheng med arbeidskraftsituasjonen på området, vil jeg tro?

Liv Signe Navarsete: Det kan det ha. Det er fleire element som kan gå inn i det, men det er jo ein ekstraordinær prisvekst som held seg over tid, og som fell saman med at ein set kontraktane ut igjen på det som kanskje kan seiast å vere reell konkurranse, etter den utsetjinga ein hadde med 25 pst. pr. år fram til 2006.

Per-Kristian Foss (H): Så var det noe du sa i din innledning, nemlig at dette med kontrollbyråkratiet var særlig belastende for mindre selskaper. Jeg hadde faktisk den oppfatning at mindre selskaper var bedre i stand til å kontrollere sin utførelse av veivedlikehold løpende, og ikke trengte noe kontrollbyråkrati til det. For her legger du liksom opp til at små selskaper har et handi-

kap i denne tilbakerapporteringen. Har jeg misoppfattet deg?

Liv Signe Navarsete: Kontroll heng òg saman med evna til både å rekne på anboda, levere inn anboda og vite kva du gjer. Det var det kontrollbyråkratiet eg tenkte på då eg sa det eg sa i stad. Å rapportere på utført arbeid vil nok eit lite selskap gjere like godt som eit stort. Men å ta imot og kunne handtere ein kontrakt på 5 000 sider, er det ikkje sikkert at alle mindre selskap føler at dei evnar å ha god nok kontroll på.

Møtelederen: Takk for det. Da er tiden ute.

Neste utspørter er Hallgeir H. Langeland fra Sosialistisk Venstreparti, som har 5 minutter. Langeland – vær så god.

Hallgeir H. Langeland (SV): Takk, leiar.

Riksrevisjonen har på ein måte revidert eit system – New Public Management System – som ein innførte i 2003, og som ifølgje Lastebileigarforbundet fører til at dess mindre ein gjer, dess meir tener ein. Du snakka om kontrollbyråkratiet, som bl.a. Foss òg var inne på her. Korleis såg du den veksten? Var den kontinuerleg – blei det fleire og fleire tilsette som måtte brukast til å kontrollera denne reforma?

Liv Signe Navarsete: Det vart i alle fall frå Statens vegvesen jamleg sagt at dei føringane som var lagde i tildeingsbrev frå mi side på at ein skulle bruke pengane ute på vegen og ikkje auke talet på tilsette, var ei vanskeleg utfordring. Det vart bedt om at ein fekk auke talet på tilsette i organisasjonen for å handtere dei utfordringane dei såg. Etter kvart såg eg at det var nødvendig, og talet på tilsette vart òg auka. Det vart det ikkje det fyrste året, og eg var nok veldig streng på at ein ikkje skulle gjere det.

Hallgeir H. Langeland (SV): Det betyr at ein del ressursar som kunne vore brukte på konkret vegvedlikehald, måtte du då prioritera til kontrollfunksjonar på grunn av denne reforma?

Liv Signe Navarsete: Det var i alle fall slik at eg fekk signal om at det trengst meir folk. Kontraktar måtte forbe-
trast, og me gav i 2007 føringar på at dei skulle gjennom-
gåast totalt. Det er òg gjort, og det er klart at det krevjast folk til å gjere ein slik jobb. Men så er det sjølvsagt slik at eigendrift òg ville ha betydd at ein måtte ha kontroll. Så igjen: Det er vanskeleg å vurdere kor mykje av den arbeidskraftreserven som var ynskt auka i Statens vegvesen, som er knytt direkte til konkurranseutsetjinga. Det må nesten vegdirektøren svare meir konkret på, men i alle fall fekk eg tydelege meldingar om at ein måtte auke bemanninga internt.

Hallgeir H. Langeland (SV): Dei som var for denne reforma i 2003, meinte at noko av hovudgrunnen til dette var at det var for dyrt når staten skulle gjera denne jobben sjølv. Derfor måtte ein gjennomføra re-

forma for å spare pengar og få meir igjen for pengane.

No refererte du til kostnadsutviklinga i 2008–2009. Har reforma vore vellukka?

Liv Signe Navarsete: I forhold til å spare mykje pengar tviler eg på det. Eg trur ikkje ein får mykje meir for pengane. Det å konkurranseutsetje har, som eg sa i stad, sjølvsagt òg nokre andre element i seg. Ein får eit bevisst forhold til kva ein bestiller, men det er ganske krevjande å få dei gode systema som trengst på kontroll, som òg Riksrevisjonen så tydeleg har påvist. Så det å gå over frå eit system til eit heilt anna trur eg kanskje ein undervurderte konsekvensane av, og kanskje overvurderte resultatane. Men igjen vil eg vise til den evalueringa som går for seg, og så får me vurdere når me får ho på bordet, om dette har vore ei vellukka organisasjonsendring eller ikkje.

Hallgeir H. Langeland (SV): Mange av dei brukarane eg snakkar med no, seier at før kunne ein snakka med vegvaktarane, og så kom dei og løyste problema, men no ringjer ein eit nummer, og så er det ikkje nokon som svarar. Er det noko rett i denne kritikken?

Liv Signe Navarsete: Med eit bestillar-/utførarsystem er det slutt på den tida at ein hadde vegvaktarar som reiste langs vegen og ordna ein stikkveg her og ei grøft der. Det vil nok mange sjå på som eit tap, for då vart mange ting ordna ganske ubyråkratisk. Ein må i dag rapportere, det må lagast ei bestilling. Det er eit anna system, som har sine sider. Det er ingen tvil om at det medfører meir byråkrati, men på den andre sida er det sjølvsagt slik at då kan ein òg etterprøve kva som er gjort, korleis det er gjort, og kven som har gjort det til kva tid. Ein får meir nøyaktigheit og oversikt heilt ned til detaljnivå enn ein hadde før. Kva som er best og verst, vil vel kanskje vere litt opp til auga som ser, men det er heilt klart at for mindre oppgåver bør ein kanskje vurdere om ein skal ha ei anna organisasjonsform for dei, og at ikkje bestillar-/utførarsystemet må gå heilt ned på dei minste oppgåvene. Det kan hende ein er tent med å ha litt mindre byråkrati knytt til dei mindre oppgåvene, for å få dei litt smidigare gjort.

Møtelederen: Takk for det. Da er tiden ute.

Det er Senterpartiets tur, med Heidi Greni, som har 5 minutter. Vær så god.

Heidi Greni (Sp): Takk for det.

Som flere har påpekt her, gikk denne konkurranseutsettingen i Norge mye raskere enn i de andre nordiske landene. De har jo brukt 10 og 17 år på det som vi har brukt veldig kort tid på. Kan en i etterpåklokskapens lys si at prosessen gikk for fort? Kunne vi ha unngått en del av disse fallgruvene hvis vi også hadde brukt litt lengre tid på gjennomføringen av denne reformen?

Liv Signe Navarsete: Eg trur at ein hadde stått seg på å bruke litt lengre tid. Derfor meiner eg, som eg òg har sagt tidlegare, at under dei forholda som var gitt, med dei

føringane som var gitt, og med den lojaliteten som ein hadde til vedtekne endringar – for det meiner eg er ein svært høg lojalitet – ville det nok vore fornuftig å ha meir tid på å utvikle systema. For når det gjeld det å utvikle eit konkurransegrunnlag som er så omfattande og såpass detaljert som det ein har i dette tilfellet, er det klart at risikoen for at det kan oppstå feil, er større når tidspresset er stort enn om ein bruker lengre tid.

Heidi Greni (Sp): Hvilke typer evalueringer ble gjort underveis? Ble kursen justert etter hvert som en fikk høstet erfaringer med hvordan dette fungerte i praksis? Er det nå slik at vi nå kan forvente at rapporten for 2009 er betraktelig mindre kritisk enn den vi sitter med her i dag?

Liv Signe Navarsete: Det har jo vore oppfølging og rapportering både når det gjeld dialogen mellom entreprenørane og Statens vegvesen, og frå Statens vegvesen og inn til departementet. Det har òg vore tydelege både forventingar og krav den andre vegen.

Det er etter Riksrevisjonens rapport òg sett i verk fleire tiltak som statsråd Kleppa kan gjere greie for. Kanskje det er ho som må svare for kva for forventingar ein då kan ha til rapporten som kjem til hausten. Men alt frå 2007 stramma me opp kontraktsforma. Det vart gitt klare beskjeder om å gå igjennom og forbetre funksjonskontraktane knytte til både vintervedlikehald og totalt sett. Så det har vore eit løpande arbeid i Statens vegvesen for å gjere forbetringar heile vegen, og det har vore eit løpande arbeid i godt samarbeid med bransjen. Som eg òg sa i stad, eg trur dei gode løysingane finn ein i det samarbeidet som er mellom Statens vegvesen og entreprenørbransjen – dei som er ute på vegen kvar einaste dag. Det er viktig å lytte til dei, og eg opplever at Statens vegvesen no har eit syn for å samhandle på ein god måte med bransjen.

Heidi Greni (Sp): Vil du da si at dagens kontrakter er mer realistiske både når det gjelder pris og innhold, enn de som ble inngått i starten, og at vi har løst en god del av disse utfordringene ved at prisen har økt og vi nå kan si at vi har tatt høyde for de faktiske utgiftene og oppgavene som ligger her?

Liv Signe Navarsete: På det meiner eg at eg kan svare ja.

Møtelederen: Takk for det!

Da er det Kristelig Folkeparti – Hans Olav Syversen har 5 minutter til disposisjon. Vær så god, Syversen.

Hans Olav Syversen (KrF): Takk for det, leder.

Jeg vil tilbake til det statsråden sa om at hun var opp-tatt av å ha god styringsdialog, og at man hadde iverksatt tiltak for å sikre dette under hennes periode som statsråd i dette departementet. Med bakgrunn i det og Riksrevisjonens påpeking av noe av det mer grunnleggende, nemlig mangler ved kvaliteten på driften der man evaluerte byggelederne og entreprenørene, viste det seg at for vinterse-sonen 2007–2008 og sommersesongen 2008 var det man-

gelfull utføring av drifts- og vedlikeholdsarbeid på rundt halvparten av alle kontrakter. På hvilken måte ble det kjent for statsråden?

Liv Signe Navarsete: Det var nok ikkje kjent for statsråden at det var eit slikt omfang som det som er omtalt her. Det trur eg nok at det er rett å seie. Men det var kjent at det var manglar. Det var kjent at brukarundersøkingane viste at folk var lite fornøgde. Det var òg ein klar indikator på at vedlikehaldet ikkje var godt nok ute. Det var jo derfor me òg gav dei styringssignala om å gå igjennom og lage nye system, som ein har gjort etter 2007 og fram til i dag. Ein har jo hatt stadige forbetringar, ein har fått eit nytt elektronisk system. Og me ser at det har verka. Brukarundersøkingane som er gjorde i vintersesongen 2008 og 2009, viste ei meir positiv utvikling, og det er òg då rapportert i budsjettet for 2010 i forhold til dette i Stortinget.

Hans Olav Syversen (KrF): Men på det tidspunktet vi her snakker om, var det ingen styringsdialog mellom direktorat og statsråd som gjorde at man faktisk ble kjent med at man hadde såpass dårlig utføring av kontraktarbeidet for den perioden som undersøkelsen gjelder?

Liv Signe Navarsete: Eg var kjend med at det var manglar ved utføringa. Eg var òg kjend med at dialogen på det tidspunktet mellom entreprenørbransjen og Statens vegvesen ikkje var så god som han elles var i den perioden eg sat som statsråd – både før og etter. Det var eg kjend med. Og det var eigne møte i departementet med Statens vegvesen og bransjen, der ein tok opp både samhandling mellom Statens vegvesen og bransjen og korleis ein betre skulle gjere dei tenestene som skulle gjerast. Så det var møte som statsråden sjølv leidde i departementet på den tida.

Hans Olav Syversen (KrF): Så du sier indirekte at det begynte å ringe noen varselklokker etter hvert?

Liv Signe Navarsete: Totaliteten av det aukande talet på klager i brukarundersøkingar, som viste at ein ikkje var fornøgd, signal frå Statens vegvesen og eg vil òg seie signal frå bransjen – eg har hatt eit veldig godt forhold til anleggsbransjen i mine år som statsråd, og dei var heller ikkje fornøgde med situasjonen slik den var – var det som gjorde at det var ein prosess som òg Samferdselsdepartementet var inne i, og eg hadde møte der dette bl.a. var tema.

Hans Olav Syversen (KrF): Et siste spørsmål fra min side. Det er viktig med konkurranseutsetting at man følger opp at det man er blitt enige om skal gjøres, faktisk blir gjort. Det skjønner jeg at man nå utarbeider systemer for bedre å kunne ivareta.

Vil du si at det med det tidligere systemet, hvor alt skjedde mer eller mindre i én organisasjon, gjennomgående har vært lite fokus på å ha tilstrekkelig øye for hva som faktisk er utført, at man bare har tatt det for gitt, så å si, at de bestillinger man ga også når man drev dette på

egen hånd, bare skjedde, og at man ikke hadde noe tilsyn internt, noe kontrollapparat, som faktisk etterprøvde at de arbeidene man hadde satt seg fore, faktisk ble gjort, og ble gjort tilfredsstillende?

Liv Signe Navarsete: Statens vegvesen har jo eit eige tilsyn. Dei er pålagde oppgåva med å ha tilsyn med det som skjer ute på vegen. Eg har ikkje nokon grunn til å seie at det tilsynet ikkje har fungert, verken før konkurranseutsetjinga eller etter. Det spørsmålet ein må stille seg, er om det har fungert godt nok. Eg meiner at med grunnlag i den rapporten som Riksrevisjonen har lagt fram, og som no er til behandling i komiteen, må eg kunne seie at det her har vore eit forbedringspotensial ...

Møtelederen: Da er tiden ute. Takk for det!

Siste parti ut er Venstre. Det er Trine Skei Grande, som har 5 minutter – vær så god.

Trine Skei Grande (V): Vegdirektøren sa at han dessverre var enig med Riksrevisjonen i at det var for lite styringsinformasjon i systemet i forhold til den jobben som skulle gjerast. Er statsråden enig i det?

Liv Signe Navarsete: Ja, sett i lys av dei opplysningane og det eg no er kjend med, må eg vere einig i det – at det har vore for lite styringssignal.

Trine Skei Grande (V): Hvilke grep ble tatt for å imøtekomme dette i din tid?

Liv Signe Navarsete: Det har eg prøvt å gjere greie for her gjennom det som har vore gitt av signal til Statens vegvesen og gjennom dei dialogmøta vi har hatt med Statens vegvesen. Dei møta vi hadde med både bransjen og Statens vegvesen for å kartlegge situasjonen og få han inn på eit betre spor enn eg opplevde at han var på det tidspunktet, er vel dei grepa vi har gjort – og sjølvsagt òg gjennom at vi har fått rapportar om at det er utvikla nye elektroniske system og nye kontrollsystem som har vore utvikla i dei siste åra etter 2007, er det rett å seie. Det var då vi tok skikkeleg tak i dette.

Trine Skei Grande (V): Omstillinga til konkurranseutsetting har det vært stort fokus på her i dag, og at det var en krevende omstilling. Vegdirektøren sier at det ble innhentet kompetanse fra andre land som hadde gjennomført den samme prosessen, men det ble ikke innhentet anbuds kompetanse fra norske miljøer som har jobbet med anbud – også ganske avanserte anbud – tidligere. Statsråden begynte med å si at hun var sikker på at det var høy kompetanse i alle ledd. Er du helt sikker på at du kunne forsikre om at du hadde full kompetanse med hensyn til den store omstillinga i alle ledd, jf. det som vegdirektøren har sagt?

Liv Signe Navarsete: Då eg kom inn i departementet i 2005, var ein i full gang med utsetjing av dei anboda, og eg hadde ikkje på det tidspunktet noko grunnlag for å stil-

le spørsmål ved den kompetansen som låg til grunn. Eg visste at det hadde vore innhenta kunnskap frå andre land. Det var opplyst. Eg tok det òg for gitt at min forgjengar i departementet hadde forsikra seg om at ein hadde den nødvendige kompetansen.

Det var på ein måte ein ny fase då eg kom inn i departementet. Då var dette i full gang. Ein hadde igjen 2005 og 2006 av den fyrste runden med konkurranseutsetjing, og så skulle ein på igjen med ein ny runde. Eg innrømmer at det tok litt tid frå eg kom i departementet til eg begynte å stille kritiske spørsmål ved funksjonskontrakten. Det gjorde eg fordi eg måtte bruke litt tid på å setje meg inn i den situasjonen slik han var. Eg hadde, som sagt, ingen grunn til å stille spørsmål ved det eg oppfatta Statens vegvesen som å vere, og framleis vil seie at Statens vegvesen er – nemleg ein kompetanseorganisasjon.

Møtelederen: Da er det lagt inn 5 minutter til oppfølgende og klargjørende spørsmål fra komiteens medlemmer. Det er viktig at man er veldig kort i spørsmålene og enda kortere i svarene – hadde jeg nær sagt – slik at vi får plass til dem som vil stille spørsmål. Da er det Ulf Erik Knudsen først.

Ulf Erik Knudsen (FrP): Så vidt jeg forsto på vegdirektøren, er det operative dokumentet Håndbok 111 når man vurderer hva som er en god vei og hvordan veier i Norge skal være. I den er det, så vidt jeg også forsto, klare regler for hvor mye snø og hvordan det skal brøytes osv. Det er også noen synspunkter der på hva man skal gjøre med hullete veier, telehiv, spor osv. Denne håndboken som dokument klarer å håndtere dette med kravene til brøyting osv., men det stopper opp i forhold til budsjett situasjonen når det gjelder kravene til sommervedlikeholdet, som f.eks. hullete veier, telehiv og store spor. Har man ut fra dette dokumentet vurdert om man må gjøre noe med det budsjett opplegget man har, når man har et slikt styringsdokument som denne Håndbok 111?

Liv Signe Navarsete: No er eg ikkje heilt sikker på om eg forstod spørsmålet rett, men eg forstod spørsmålet dit hen at budsjettet ikkje rekk til, og kva gjer ein då av prioriteringar? Det er dei styringssignala som har vore gitt i tildelingsbreva der trafikktryggleik heilt, heilt klart har vore understreka som prioritet nummer 1, der vintervedlikehaldet har vore understreka fordi det heng så nøye saman med trafikktryggleik, og der ein dermed sjølvsagt implisitt ser at ein kanskje ikkje rekk å gjere alt innafor dei budsjetta som kvart år blir gjevne. Slik har det nok vore før eg kom inn i regjeringskontora, og slik vil det nok vere vidare òg. Ein må prioritere, og dei prioriteringane skal gjevast i tildelingsbrevet, og standarden for korleis det skal utførast, ligg i handboka.

Møtelederen: Jeg vil bare igjen presisere behovet for korte spørsmål og korte svar. Da er det Marit Nybakk, vær så god.

Marit Nybakk (A): Takk, leder. Norge har et vanskelig klima og en vanskelig geografi, i hvert fall hvis vi ser på drift og vedlikehold av veinettet. Dette krever både oversikt og styring.

Etter å ha hørt på statsrådets svar til Langeland føler jeg et behov for å følge opp Langeland på følgende måte: Er det faktisk slik at denne omstillingen og konkurranseutsettingen har påvirket vedlikeholdet negativt?

Liv Signe Navarsete: Det er i hvert fall vanskeleg å sjå at konkurranseutsetjinga har påverka vedlikeholdet positivt.

Møtelederen: Da er det Per-Kristian Foss, vær så god.

Per-Kristian Foss (H): Er det noe du ville gjort annerledes hvis du hadde vært statsråd på nytt – gjerne formet som et godt råd til din etterfølger?

Liv Signe Navarsete: Ja, i etterpåklokskapens klare lys vil ein alltid sjå ting ein kunne gjort annleis. Det gjer sjølv sagt eg òg.

Dersom eg hadde hatt den same kunnskapen då eg starta i 2005 som eg har i dag, hadde eg sikkert starta ut noko annleis enn det eg gjorde. Men eg starta med den kunnskapen eg hadde, og tileigna meg den eg tileigna meg, gjennom ein god dialog både internt i departementet og med Statens vegvesen.

Etter å ha fått Riksrevisjonens rapport er det klart at eg skulle ynskt at eg hadde vore enda tidlegare ute med å setje søkjelyset på den rapporteringsrutinen som var, og at eg kanskje hadde vore hakket tidlegare ute med evalueringa òg, slik at vi kunne hatt ho på bordet no i desse tider. Så hadde vi kanskje hatt nokre fleire svar, for eg trur ho vil gje svar på ein del av dei spørsmåla som rapporten stiller og kanskje òg gje nokre svar og anbefalingar om korleis ein går vidare for å forbetre systemet.

Møtelederen: Hallgeir H. Langeland – vær så god.

Hallgeir H. Langeland (SV): Takk, leiar.

Per-Kristian Foss tek opp eit relevant spørsmål, synest eg, knytt opp mot EØS-avtalen, og det at ein i utgangspunktet ønskjer å leggja til rette for meir konkurranse.

No får ein altså ei evaluering av dette. Dersom den evalueringa konkluderar med at ein er best tent med å ta dette tilbake som ei offentleg oppgåve trass i eventuelle hindringar i EØS-avtalen – kva vil du anbefala då?

Liv Signe Navarsete: Eg skal vere veldig forsiktig med å gå inn på det som no er ein annan statsråd sitt område. Vegen vidare trur eg nok at ho må meisle ut saman med Regjeringa og med sine gode støttespelarar i transportkomiteen. Det vert iallfall ei grundig evaluering, og alle statsråder som set ned eit slikt evalueringsutval, gjer klokt i å lytte til dei råda som kjem.

Møtelederen: Da er tiden for oppfølgingsspørsmål ute. Den tidlige samferdselsministeren kan få 5 minutter

til en oppsummering hvis hun ønsker det. Vær så god, Navarsete.

Liv Signe Navarsete: Takk for spørsmåla og den dialogen me har hatt rundt eit veldig viktig tema.

Det er viktig for folk sin kvardag at det vegnettet me har i Noreg, er eigna til enkel og god framkomst. Vegen er for dei aller fleste heilt avgjerande for kvardagen, og det er eit stort ansvar for alle samferdsleministrar å sjå til at både trafiktryggleik og framkomst er ivaretekne på ein god måte.

Det vil kanskje vere slik for politikarar at fokuset då først og fremst vert på kva ein får gjort, og kor raskt ein kan få gjort det. Det er klart at det å ha nok merksemd òg på dei store systema med kanskje mange tusen menneske totalt sett, både i entreprenørbransjen, i Statens vegvesen og i departementa, som alle, kvar på sin plass, er så viktige for nettopp å få fram det resultatet, er uhyre viktig. Som fersk samferdsleminister trur eg ikkje at eg hadde nok fokus på det – det ligg òg i det svaret eg gav til Høgre. Etter kvart voks den forståinga fram hos meg at dei signala ein gjev, må ein for det fyrste vere tydeleg på, og ein må òg følgje dei heilt fram. Det vart gjort endringar på dette i den tida eg satt. Så viser rapporten at her må gjerast ytterlegare grep. Og eg er veldig glad for – det les eg både ut frå det som skjer i departementet no og i det som heilt sikkert vil kome etter den rapporten som me får frå Dovre Group – at det òg vert gjort ytterlegare grep.

Me er jo heldige som bur i eit fantastisk land, men det er òg eit land med store utfordringar knytte nettopp til det å ha eit godt kommunikasjonssystem, fordi det er så ulik trafikkmengd, ulik geografi, ulike vêrforhold rundt om i heile landet, og det gjer det òg atskilleg meir krevjande enn i mange andre land å drive samferdsle. Nettopp derfor er det viktig at det òg i fortsetjinga er system som gjer at det i alle delar av landet er fagfolk som har ansvar, og at det ansvaret vert følgt opp gjennom gode rapportar og kontrollar, slik at ein sentralt kan vere sikker på at kvaliteten er like god på det som vert gjort i alle delar av landet. Det er ei utfordring som eg håper noverande statsråd òg vil følgje opp på ein veldig god måte. Og det er eg heilt, heilt trygg på at ho vil gjere.

Møtelederen: Takk for det, og takk for dine bidrag under denne kontrollhøringen.

Vi tar nå en kort pause til statsråd Meltveit Kleppa tar sete, hadde jeg nær sagt.

Høringen ble avbrutt kl. 11.11.

Høringen ble gjenopptatt kl. 11.15

Høring med samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa

Møtelederen: Da er klokken 11.15, og samferdselsminister Meltveit Kleppa har kommet. Jeg vil ønske samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa velkommen til åpen kontrollhøring. Hun har med seg vegdirektør Terje

Moe Gustavsen og avdelingsdirektør Ola Brattgard som bisittere, og velkommen igjen til dere også.

Det er lagt opp slik at statsråden får 10 minutter til innledning – vær så god, statsråd.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Takk for det.

Godt oversyn over tilstanden på vegen er etter mi meining ein viktig føresetnad for å kunna drifta vegen optimalt. Etterslep over mange år er vel kjent, og det å sikra betre framkomstillhøve og bidra til eit større fokus på trafiktryggleik er, slik eg oppfattar det, noko Liv Signe Navarsete, min forgjengar, tok tak i frå fyrste dag ho kom inn i departementet. Ho fekk Regjeringa med på å løyva betydeleg meir midlar til vedlikehald. Ho sette søkjelyset på funksjonskontraktane, både innhald og kontroll med kontraktane. Det går fram av både tildelingsbrev og møtereferat. Vegdirektoratet har følgd opp. Dei sette i verk tiltak som dei sjølve allereie har gjort greie for. Eg må seia at eg er svært fornøgd med at ho i Nasjonal transportplan varsla ei evaluering av den konkurranseutsetjinga som skjedde under Bondevik II. Det er Dovre Group som har fått oppdraget. Føremålet er bl.a. å kartleggja konsekvensane for pris og kvalitet og sjå om det bør gjerast endringar i funksjonskontraktane. Rapporten frå Dovre vil vera klar innan utgangen av mars. Han vil danna eit viktig grunnlag for arbeid med drift og vedlikehald og for utforminga av funksjonskontraktane i tida framover. Det er òg etablert eit eige transportforum, eit forum som møter statsråden eit par gonger i året, og som ser på ulike sider ved det å bruka vegane våre.

Dagens utforming av funksjonskontraktar og desentralisert organisering inneber at store kontraktsverdiar blir forvalta langt ute i organisasjonen. For at dette skal fungera, må det vere eit godt system og god kommunikasjon mellom ulike ledd. Det er grunn til å spørja om det er optimalt at så mykje risiko er plassert hos entreprenøren. Eit alternativ kan vera at fleire oppgåver i framtida blir betalt etter utført arbeid og ikkje gjennom fast pris. Det som skjer no vinterstid, er jo eit eksempel på det og gjev grunn for å spørja om det. Slik vil noko av risikoen verta flytta over til Statens vegvesen. Samtidig krev det òg kontrollinnsats frå Vegvesenet.

Departementet legg vekt på å gjeva gode og tydelege styringssignalar til Statens vegvesen. Vi forventar at etaten set signaliserte ynske og krav ut i livet. Det har òg departementet erfaring med at skjer.

Når det gjeld funksjonskontraktane, er det gjeve styringssignalar i tildelingsbrevet, i andre brev og på etatsmøte, og departementet har fått rapportering. Det er likevel behov for styrking. Det er seinast teke opp i brev til Vegdirektoratet den 12. november 2009, og det er følgd opp i tildelingsbrevet for 2010. Her heiter det at departementet har behov for relevant styringsinformasjon i samband med funksjonskontraktane, og ein ber Vegdirektoratet prioritera arbeidet med å framskaffa slik informasjon og rapportera dette til departementet i samband med tertiærreporteringar.

For å sikra at arbeid blir gjort etter avtale, må vi både sikra at entreprenørane har gode rutinar og system og føra

nødvendig kontroll med at dei gjer det dei skal. Kravet til kvalitetssystem hos entreprenørane er skjerpja, men det er samtidig grenser for kor langt ein kan gå om ein samtidig skal ha konkurranse i denne marknaden. Strengje krav gjer det vanskeleg for dei mindre entreprenørane å delta. Eg ser ikkje vekk frå at det bør gjennomførast fleire kontrollar, og at ein brukar meir ressursar på det. Målet må vera ein balanse mellom effektiv kontroll, som motiverer entreprenørane til å levera i tråd med avtalen om ressursbruk hos byggherren, og sanksjonar, som kan vera eit viktig verkemiddel for å få levert det som er avtalt. 15 mill. kr i sanksjonar og ei vegomsetjing på 12 milliardar kr fortel at det ikkje er ei form som har vore mykje brukt etter at det vart innført ein felles instruks frå 2007 når det gjeld sanksjonar. Statens vegvesen har lagt meir vekt på samarbeid og rettleiing for å sikra betre arbeid. Det trur eg er ein god veg å gå.

Så har eg lyst til å seia nokre ord om forvaltingsreforma. Frå 1. januar har fylkeskommunane fått ansvar for eit mykje større vegnett enn tidlegare. Det betyr større økonomiske forpliktingar i funksjonskontraktane. Ordninga med sams vegadministrasjon for fylkesvegar og riksvegar på regionalt nivå vil halda fram. Ein viktig fordel med sams vegadministrasjon er at byggherrekompentansen framleis er samla i ein administrasjon. Det styrker forholdet til entreprenørane. Statens vegvesen vil forvalta fylkesvegnettet, basert på politiske føringar og løyvingar frå fylkeskommunane. I dette inngår òg vurderingar av omfang og innretning på dei enkelte funksjonskontraktane. I 2010 er fylkeskommunane styrkte økonomisk på den måten at dei har fått overført midlar som følgde med vegane dei fekk ansvar for. I tillegg er det ei låneordning til disposisjon, tilsvarande 2 milliardar kr og ein ekstra milliard. Og Maskinentreprenørernes Forbund har no funne ut at fylkeskommunane bruker meir midlar på veg enn ein kunne føresjå ved overgangen, altså etter 1. januar, når dei går inn i budsjetta i den enkelte fylkeskommune. Det varierer, men dei presenterer ein rapport der dei seier at fylkeskommunane bruker 500 mill. kr meir på veg.

I høve til konkurranse er det reist spørsmål bl.a. om funksjonskontraktane har vore for store, om det blir sett for strengje krav til entreprenørane, om ansvaret for planlegging og oppfølging er for krevjande, og om risikoen er for stor. Det er fullt mogleg å endra desse føresetnadene for å gjera kontraktane meir attraktive for mindre entreprenørar. Det blir no prøvt ut. Slike grep kan gjera planlegging, dagleg styring og oppfølging meir krevjande for byggherren. Det kan samtidig gje lokale entreprenørar større moglegheiter. Lokal kunnskap har jo òg betydning i det arbeidet som her skal bli utført på vegnettet.

I Samferdselsdepartementet har vi sett fokus på forbetring av funksjonskontraktane både når det gjeld prisutvikling, konkurransesituasjon, kontroll og oppfølging av entreprenørane. Statens vegvesen ser no på korleis ein kan etablere betre samarbeidsklima gjennom, formelt, såkalla samarbeidskontraktar. Her har Vegvesenet nettopp etablert ei samarbeidsgruppe saman med bransjen for å koma fram til gode løysingar. Slike funksjonskontraktar skal bli prøvde ut i alle regionar.

Departementet har behov for nødvendig styringsinformasjon. Statens vegvesen må ha eit nødvendig styringsystem, og dette trur eg har vorte belyst allereie i denne høyringa, at her blir det arbeidd kontinuerleg med sikte på forbetring. Riksrevisjonsrapporten er i så måte òg eit viktig grunnlag for det arbeidet. Det handlar om å sikra best mogleg drift og vedlikehald til beste for næringslivet, til beste for busetjinga, til beste for alle dei som treng vegane våre.

Møtelederen: Takk for det, statsråd.

Da gir jeg ordet videre til ordføreren for saken, som er Øyvind Vaksdal, som har inntil 10 minutter til disposisjon. Vaksdal – vær så god.

Øyvind Vaksdal (FrP): Takk for det, leder! Omorganiseringen av Statens vegvesen ble gjennomført bl.a. fordi man skulle få økt produksjon for pengene og bedre ressursutnyttelse ved drift og vedlikehold av veinettet. Dette har jo fungert bra, og også vegdirektøren har i dag bekreftet at det har vært fordelaktig. Det påpekes likevel i Riksrevisjonens rapport at det enkelte steder i landet har vært for få tilbydere til at en har fått utnyttet konkurransefordelene optimalt.

Hvilke tiltak vil samferdselsministeren vurdere for å styrke konkurransen? Vil hun eksempelvis vurdere en større oppsplitting av kontraktene for å optimalisere konkurransen om funksjonskontraktene?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Her er det jo kome fram mykje interessant når det gjeld erfaringar så langt, f.eks. nettopp dette at det er ulike gradar av konkurranse i ulike delar av landet. Eg ser fram til den evalueringa som skal leggjast fram i slutten av mars. Der skal ein sjå på om innhaldet står i høve til oppgåva – og mykje anna som eg ikkje tek no – men òg: Er kontrakten sitt økonomiske, geografiske og tidsmessige omfang optimalt? Når det gjeld akkurat dette, er eg veldig spent på kva Dovre Group seier, og eg trur at vi der vil få eit godt grunnlag nettopp for å følgja opp det faktum at det er stor forskjell frå region til region.

Øyvind Vaksdal (FrP): Men du avviser ikke at en oppsplitting kan bli innført?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Det gjer eg ikkje. Eg vil heller seia tvert imot, eg trur at for nokre oppdrag vil det ha noko for seg, nettopp fordi ein då kan få inn lokal kunnskap endå sterkare, og ein kan gje større moglegheiter til lokale entreprenørar som, anten det går på frimod eller erfaring, ikkje har delteke i anbudsrundane.

Øyvind Vaksdal (FrP): Skal man kunne gi tilstrekkelig relevante styringssignaler for å få veinettet ut av den bedrøvelige tilstanden det nå har, er man avhengig av å ha oversikt over driftstilstanden. Dette er påpekt flere ganger i Riksrevisjonens rapport som svært lite tilfredsstillende, og noe av utfordringen har vært en litt uklar definisjon av minstekrav og standard. Vil samferdselsministeren vurde-

re å innføre et system der man har klarere definerte krav til standarden på de ulike deler av veinettet, og der også krav til når man skal utbedre veinettet, ligger inne, for forhåpentligvis å bringe vedlikeholdet opp på et akseptabelt nivå?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg kjenner meg ikkje heilt trygg på at det er krava det er noko i veggen med. Eg trur Statens vegvesen har klare krav i det som heiter Håndbok 111, men korleis vedlikehaldet har vorte utført, har òg sjølvsagt å gjera med dei midlane som har vore til disposisjon, og med andre tilhøve. Men det som eg er veldig oppteken av, er no å gå nøye inn i dette med sikte på både å få større oversikt over korleis vegnettet er, og å gå nøye gjennom dei råda som vi no kjem til å få frå Dovre Group. For det er heilt openbert at det trass i at det er sett inn tiltak, enno er rom for forbetring.

Øyvind Vaksdal (FrP): Vi har tidligere i dag fått avdekket at det er vel kanskje visse krav og standarder, men det har vært mangelfulle krav til når, på hvilket tidspunkt, man skal gripe inn. Vil du vurdere å innføre et klarere regelverk på det området?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Ja, eg kjem til å sjå på alle sider ved det som gjeld drift og vedlikehald på denne sektoren. Eg vil ikkje på dette tidspunktet avvisa noko som helst, men eg vil altså bruka noko tid på den rapporten som snart kjem.

Øyvind Vaksdal (FrP): Takk for det.

Veistandarden i Norge, og kanskje spesielt i distriktene, er av en elendig kvalitet, og vedlikeholdsetterslepet øker dessverre for hvert år – det har du jo allerede vært inne på.

Regjeringen har nå fått gjennomslag for en regionreform som gir fylkeskommunene en betydelig større del av ansvaret for veinettet. Dette bidrar til ytterligere pulverisering av ansvaret for veisektoren og etter all sannsynlighet en enda verre tilstand for veinettet i distriktene, noe også mange av brukerorganisasjonene har påpekt i henvendelser til oss. Vi risikerer nå i tillegg å få ulik standard fra fylke til fylke på vedlikeholdet. Kan samferdselsministeren gi en kommentar til dette, og samtidig vise til andre forvaltningsenheter der en oppsplitting av ansvar og oppgaver på denne måten har vært fordelaktig?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: For det fyrste: Når det gjeld vedlikeholdsetterslepet, så viser jo tala at midlar til drift og vedlikehald har auka år for år, altså kvart einaste år under denne regjeringa, til dels med betydelege summar – berre for å ha med det som ein del av bakgrunnsbiletet.

Så til Forvaltningsreforma. Eg har forhåpningar til det: at når fylkeskommunane no har overteke ansvaret, når Statens vegvesen har organisert seg meir fylkesvis enn dei har vore ei stund, så vil det gje nye moglegheiter til å nytta lokal kunnskap og lokal kompetanse for å sikra eit betre vedlikehald enn i dag.

Øyvind Vaksdal (FrP): Tar samferdselsministeren på alvor den ramsalte kritikken som er framkommet fra Riksrevisjonen, bl.a. om at departementet ikke har fulgt opp sitt overordnede ansvar for at Statens vegvesen som underliggende etat har styringssystemer som sikrer forsvarlig gjennomføring og tilstrekkelig styringsinformasjon? Hva er så langt blitt gjort, og hva vil bli gjort for å bringe disse forholdene i orden?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: I høve til riksrevisjonsrapporten er svaret ja. Rapporten ser eg på med det djupaste alvor. Det som kjem fram der, skal følgjast opp. Men så er det altså slik at både før rapporten kom, og òg no etterpå, med sikte på 2010, men kanskje særleg før, så har det – og det går fram både av dei årlege tildelingsbrev og av dialog elles med Statens vegvesen – år for år skjedd betydelege forbetringar både i høve til innhaldet i funksjonskontraktane og kontrollen med kontraktane.

Så kjem 2010, med både Dovre Group sin rapport og tildelingsbrevet som no er sendt til Statens vegvesen, der behovet for ytterlegare oppfølging av rapporten er tydeleg understreka. Tildelingsbrevet er rimeleg konkret og understrekar at etterslepet i samband med vegkapitalen skal vera under kontroll, at ein skal sjå vedlikehaldet i samanhengande strekningar, og så er det rekna opp konkrete punkt elles som skal følgjast opp.

Så må eg jo òg seia at vi utover det brevet både har styringsmøte og vi har tertialrapportar. Men det er heilt openbert at vi har éin ting å gjera, og det er å følgja opp rapporten.

Øyvind Vaksdal (FrP): Ville ikke et uavhengig veitilsyn vært fordelaktig å ha i en slik situasjon, når vi ser hva vi har fått avdekket her?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg har jo merka meg at det har kome ein NOU som kjem med ei delt innstilling på det punktet.

Det er heilt sikkert fordelar med eit uavhengig tilsyn. Så er det spørsmål om det er vegen å gå, det å byggja opp ytterlegare byråkrati, eller om ein her kan få på plass gode nok kontrollrutinar på annan måte. Det er ei sak som eg vil koma tilbake til.

Møtelederen: Takk for det.

Da går vi over på femminuttersrundene, og jeg ber statsråden merke seg at korte svar er å foretrekke.

Det er Arbeiderpartiet med Bendiks H. Arnesen som først har 5 minutter til disposisjon. Vær så god.

Bendiks H. Arnesen (A): Jeg har spurt et par ganger før i dag om denne omorganiseringen var riktig, men jeg kan i forlengelsen av det spørre om statsråden kan si i hvilken grad omstillingen og konkurranseutsettingen har påvirket vedlikeholdet i negativ retning.

Med bakgrunn i innledningen har jeg også lyst til å spørre statsråden om hun etter fire måneder i stolen mener det er gjort tilstrekkelig for å sikre at funksjonskontraktene nå blir fulgt opp av entreprenørene.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Fyrst til kva konsekvensar omdanninga fekk for vedlikehaldet. Det seier seg sjølv at eitt år på denne gjennomføringa og endringa, med nedbemanning i Statens vegvesen, tumultar rundt omdanninga, fokus på heilt andre ting enn det å få utført vedlikehald ... Eg trur vi må ta med det som ein reaksjon, at det var ikkje vedlikehald det fyrst og fremst var fokus på, i alle fall ikkje i begynninga.

Kva var det neste spørsmålet?

Bendiks H. Arnesen (A): Det gjaldt dette med funksjonskontrakter.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Det er mitt inntrykk at ein før rapporten allereie hadde gått rundar på å forbetra både innhaldet og kontrollen med desse kontraktane, og det er no følgt ytterlegare opp etter rapporten. Og så kjem då neste fase den 31. mars.

Bendiks H. Arnesen (A): Riksrevisjonens undersøkelse viser at det for 37 pst. av kontraktene som ble inngått i perioden 2003–2009, bare var én eller to entreprenører som la inn anbud, og at tre entreprenører hadde en dominerende stilling i markedet. Anser statsråden den lave deltakelsen i utlyste anbudskonkurranser som et problem? Og i tilfelle: Hva slags tiltak vil statsråden sette i verk for å øke antallet, altså få flere til å gi anbud?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg synest det er eit dilemma at det er ein eller to. I dei tilfella der det er ein, er det liten konkurranse. Det er eit dilemma når det er ein eller to, og det blir forklart både med kompetanse i entreprenørbransjen og med kompetanse i forhold til anbud og i forhold til kontroll. Så der kan ein veg vera å ta ut nokre oppdrag og betala etter fastpris, og – med fare for å gjenta meg sjølv – så trur eg òg vi vil få ytterlegare råd om det når Dovre Groups rapport kjem.

Bendiks H. Arnesen (A): Har departementet endret rutine for innhenting av informasjon etter at Riksrevisjonen avsluttet arbeidet med rapporten, og mener statsråden at hun har tilstrekkelig styringsinformasjon til å kunne vurdere om driften av veinettet skjer i samsvar med fastsatt standard?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg skal ikkje påstå at alt er 100 pst. slik det bør vera. Eg har litt for lite erfaring til å kunna seia at det ikkje er noko som no kan gjerast betre. Men det eg har erfart så langt, er at det har skjedd ei betydeleg forbetring og vorte betydeleg meir merksemd på desse kontraktane frå departementets side så vel som frå Statens vegvesens side.

Møtelederen: Takk for det.

Da er det Høyres tur. Det er Per-Kristian Foss, som har 5 minutter. Vær så god, Foss.

Per-Kristian Foss (H): Din forgjenger sa i forrige spørreunde her at hadde hun visst det hun nå vet, hadde

hun gjort en del ting annerledes. Hvordan kan du vite at du har styringsinformasjon nok til ikke å få en like drepande riksrevisjonsrapport om et par–tre år?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Det er fyrst og fremst fordi det er innført klårare krav, og vi har bede om betre informasjon. Vi har i det heile frå vår side lagt vekt på å styrka dialogen med Statens vegvesen, og vi veit at det blir følgt opp òg frå deira side.

Per-Kristian Foss (H): Men dialog er vel ikke det samme som kontroll, er det det?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Nei, det stemmer. Dialog er ein bit av dette, men det er klårt at dette handlar om klåre krav, og det handlar om kontroll. Eg meiner at både krava og kontrollpunktta er forbetra.

Per-Kristian Foss (H): Men foregår dialogen og kontrollen mellom departementet og Statens vegvesen etter samme systematikk nå som tidligere, eller er det noen forandringer? Du fikk jo i og for seg det spørsmålet fra Arnesen, men jeg synes ikke du svarte på det – det er fortsatt møter, og det er kanskje hyppigere møter, men har dere virkemidler nå som dere ikke hadde før?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Sjelve verke-midla er jo tydelegare når vi har vore tydelegare i våre krav både til innhald og til korleis kontrollen skal vera. Det er varsla overfor Stortinget i budsjettproposisjonen for 2010 at vi skal ha relevant styringsinformasjon i samband med funksjonskontraktane. Vi ber Vegdirektoratet prioritera arbeidet med å framskaffa informasjon. Vi forventar at dette er ytterlegare forbetra i neste tertialrapport, skriftleg.

Per-Kristian Foss (H): Ok.

Til et annet tema: Er du fornøyd med den type rapporter som i dag kreves når det gjelder trafiksikkerhet, i relasjon nettopp til drift og vedlikehold?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Når det gjeld ...?

Per-Kristian Foss (H): Er du fornøyd med den rapporteringen du får om drift og vedlikehold og konsekvensene for trafiksikkerheten – det er en annen vinkel på det hele?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Når det gjeld trafikktryggleik, er det nettopp gjort eit veldig stort arbeid i Vegdirektoratet, der dei har gått igjennom alle ulukkene dei siste fire åra, i ein eigen rapport, og òg kome med forslag til kva som der må forbetrast. Det er eit arbeid som eg tykkjer er veldig viktig for den oppfølginga som no skal skje frå vår side, noko som får konsekvensar for regelverk, men som også får konsekvensar for vedlikeholdet – for midtdelarar, fysiske tiltak på vegane, osv.

Per-Kristian Foss (H): Enkelte frykter jo også at regionreformen, som du har omtalt tidligere, vil føre til stør-

re forskjeller i drift og vedlikehold av veinettet. Poenget er vel at fylkene er selvstendige? Frykter du at slike forskjeller vil være et problem – for trafiksikkerhet og for drift og vedlikehold?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg er ikkje uroleg for det, eg trur faktisk at det vil bli større fokus på vedlikehold i det enskilde fylket. Så er det jo slik at det er ikkje prikk likt i dag heller, frå fylke til fylke og på alle vegar. Men her ligg altså to grunnleggjande element fast: Det eine er handboka, som fortel om standard, og det andre er at det framleis skal vera sams vegadministrasjon.

Per-Kristian Foss (H): Frykter du at regionreformen også vil føre til mer byråkrati? Jeg har registrert at ifølge avisrapporter, f.eks. i Finansavisen 27. januar, er det nå 63 vei-byråkrater i fylkene, og 31 av dem er nyansatte. Blir det mer vei av dette?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg synest faktisk at det er beskjedent, så langt. Fylkeskommunane fekk i budsjettet for 2010, meiner eg, overført ca. 100 mill. kr til nettopp å oppretta nokre nye stillingar. Det er nokre fylkeskommunar som har behov for stillingar til bestilling. Så er det andre fylke som ikkje har oppretta nye stillingar. I Nordland f.eks. har dei når det gjeld alt som heiter ferjer – og det er ein stor del av Forvaltningsreforma i Nordland – slått seg saman, der har altså tilsette i fylkeskommunen og tilsette i Statens vegvesen slått seg saman i eit felles kontor, og dei har ikkje oppretta nye stillingar.

Møtelederen: Takk for det. Da er tiden ute.

Det er Sosialistisk Venstreparti med Hallgeir H. Langeland som nå har 5 minutter til disposisjon.

Hallgeir H. Langeland (SV): Takk for det, leiar.

Me fekk altså eit system i 2003 som Riksrevisjonen då brukar som utgangspunkt for sin rapport, eit system som blei laga fordi ein skulle få meir tenester ut av det, meir vegvedlikehald.

Men lastebileigarane seier at entreprenøren sitt utgangspunkt vil vera at jo mindre du gjer, dess meir tener du. Når ein no ser at prisauken frå 2008 til 2009 er på over 40 pst., kan ein ikkje då allereie no seia at reforma frå 2003 er mislykka, sånn at ein må starta ein omorganiseringsprosess her og no, før denne rapporten kjem og ein faktisk ser svart på kvitt at det er blitt dyrare med dette «New Public Management»-styret?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Når det gjeld kostnader, må vi ta med alle åra. Då må vi faktisk òg ta med den starten som medførte at Statens vegvesen fekk auka kostnader, meiner eg, til administrasjon, og så at kontraktane på eit tidspunkt låg 35 pst. under det dei venta. Det rekna dei jo med var fordi nokon ville prisa seg inn på marknaden – og så har vi no sett ein auke.

No skal eg prøva, leiar, ikkje å svara for langt. Så lat meg seia: Eg er veldig uroleg for ein situasjon der vi no skulle begynna å omdanna på nytt igjen, og hiva fleire

tusen folk ut i uvisse i framtida. No trur eg at vi må gjera det vi kan for å gjera det beste ut av den situasjonen og den organiseringa som er.

Hallgeir H. Langeland (SV): Eg reknar med at statsråden då meiner at ein skal gjera det fram til den evalueringa kjem, for då må ein jo gjera ei ny vurdering.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Ja, eg skal altså ta denne evalueringa med det alvorret som krevst, og det er halvannen månad til ho kjem.

Hallgeir H. Langeland (SV): Du snakka innleiingsvis om sanksjonar. Norsk Motor Sykkel Union har sendt inn ei utsegn der de påpeikar at sanksjonar i for liten grad blir brukte når entreprenøren faktisk ikkje oppfyller si forplikting. Kva har du tenkt å gjera med det?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Ja, det er ei påpeiking som eg meiner vi må ta med oss i det vidare arbeidet. Som eg sa, legg Statens vegvesen no veldig stor vekt på samarbeid og samarbeidskontraktar, men høyringsutsegnene her til denne rapporten må vi sjå nøye på.

Hallgeir H. Langeland (SV): Eg skal ikkje stilla dette spørsmålet, men det er jo freistande å spørja om ein burde vera forsiktig med å byggja undersjøiske tunnelar for å auka vedlikehaldet ...

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Det er godt du hoppar over det.

Hallgeir H. Langeland (SV): Men lat meg heller stilla spørsmål om dette med vegvoktarperspektivet – du er jo sjølv ein brukar av vegane – for mykje av den kritikken som eg får, er at nei, dei får ikkje fatt i nokon som har ansvar. Og du sa jo at det er forskjell på regionane. Men går det an å gjera noko med det, sånn at folk faktisk får svar når dei ønskjer seg det?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Der er svaret ja, og der meiner eg vegdirektøren kan utdjupa akkurat det.

Terje Moe Gustavsen: Ja, og det bør vi bli mer entydige på, hvorledes publikumshenvendelser skal håndteres i forholdet mellom entreprenører og Statens vegvesen, og derigjennom få et bedre opplegg for også det. Det er nok også noe som har vært underfokuset: Hvorledes legger man dette opp, og hvor enhetlig trenger vi å være på det punktet?

Møtelederen: Takk for det.

Da er det Senterpartiets Heidi Greni som har 5 minutter til disposisjon. Vær så god, Greni.

Heidi Greni (Sp): Takk for det.

Denne reformen skulle jo gi like godt og kanskje helst bedre veivedlikehold, og da til en lavere pris. Mye tyder

på at evalueringen som pågår, vil vise det motsatte, at vi har fått høyere kostnad, dårligere standard, og at det budsjettet som vi har, brukes mer til byråkrati og mindre til praktisk arbeid.

Mener statsråden det vil være helt uaktuelt å revurdere hele reformen, altså å få vedlikeholdet tilbake til Statens vegvesen? Og hvis så er uaktuelt, hva vil vi da måtte gjøre for å få dette til å fungere bedre i framtiden?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg trur vi må ha med oss historia til denne saka, altså det faktum at omdanninga her i Noreg skjedde på eitt år, medan Sverige brukte 17 år og Finland ti år, og vi har i ettertid arbeid med stadige forbetringar.

Så er ikkje eg heilt sikker på om vi kan seia at sjølvve kvaliteten har blitt så mykje dårlegare. Men det vi veit, er at fokus var heilt andre stader ein periode enn på vegvedlikehald.

Så skal eg vera litt meir diplomatisk enn eg var overfor Hallgeir H. Langeland i forhold til kva som skal skje vidare. Eg skal avventa den rapporten som kjem 31. mars. Det er jo slik eg har tenkt å handtera akkurat det, men eg vil nok likevel leggja til at eg på dette tidspunktet ikkje er heilt trygg på om det er «tilbake til start» som er vegen å gå.

Heidi Greni (Sp): En del av høringsinstansene har påpekt at det med fastpris som hovedtype kontrakt gjør at entreprenørene tjener på å gjøre minst mulig. De venter lengst mulig med å gå ut og brøyte, og ser nærmest på om det går over, fordi det er lønnsomt. Er det en mulighet for å se på det å få inn fastpris som en del av kontrakten, men også å få inn det med mengdearbeid – å få litt mer av klimautfordringene og risikoen med klimautfordringene – over på statlig ansvar, slik at du reduserer entreprenørens risiko når det gjelder store klimaendringer fra år til år?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Der er svaret ja. Eg meiner vi òg må bruka noko tid på å sjå på om det her er spesielle oppdrag der ein heller kan bestilla som mengdearbeid. Eg tykkjer nok snøvinteren no har vist akkurat det.

Så er det jo slik at no skal mindre kontraktar prøvast ut i alle regionar. Då får ein òg spela meir på lokalkunnskap. Har du lyst til å føya til ...

Terje Moe Gustavsen: Bare en liten tilføyelse, og det er at det i de kontraktene som er ute nå, legges inn mer risiko på oss enn på entreprenøren når det gjelder mengder.

Heidi Greni (Sp): Vegdirektøren redegjorde for et godt samarbeid med fylkeskommuner og med fylkesrådmenn i forkant av gjennomføringen av regionreformen. Fylkeskommunen tar nå over det øvrige riksveinettet utenom stamveiene, så de har ansvaret for alle riksveiene. Mener statsråden at vi kan ha forventninger til at den nærheten som fylkeskommunen da har til disse, kan gi bedre samhandling og bedre kontroll med entreprenørene, og at vi da også kan få bedre kontroll med kvaliteten?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Ja, eg meiner det er eit sjølvstendig poeng. Det vil krevja at både fylkeskommunane og Statens vegvesen er innstilte på at ein skal samarbeida. Eg registrerer at det i den same rapporten som eg viste til, frå Maskinentreprenørenes Forbund, står at vel 80 pst. av fylkeskommunane så langt har sagt seg nøgde med denne endringa. Så dette er òg sjølv sagt noko vi må arbeida endå noko meir med, slik at vonleg alle blir nøgde.

Heidi Greni (Sp): Takk.

Møtelederen: Da går vi over til Kristelig Folkeparti og Hans Olav Syversen, som har 5 minutter.

Hans Olav Syversen (KrF): Takk.

Jeg hører jo at samferdselsministeren prøver å dempe ønskemålet fra noen politiske meningsfeller her om å få alt over på statlig hold. Jeg vet ikke om det er erfaringen med det statlige vedlikeholdsansvaret for jernbanen som gjør at statsråden er litt tilbakeholden. Jeg skal ikke spørre om det. Jeg skal spørre om noen andre forhold.

Først til kontroll og sanksjoner. Som Riksrevisjonen påpeker, er sanksjonsnivået på promillenivå når det gjelder økonomi. Er vi ikke da i en situasjon, som det synes å late til, iallfall ut fra rapporten, hvor det ikke har noen konsekvenser når man ikke følger opp i henhold til kontrakten? Hva er statsrådets vurdering av det?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Om ein isolert sett berre ser på rapporten, og ikkje les korkje dei svara som den tidlegare samferdselsministeren har gjeve, og heller ikkje tek omsyn til det engasjementet som no er hjå Statens vegvesen og i departementet, kan det høyrast slik ut. Det er allereie skjerpning på kontroll, men det går endå meir på samarbeid enn på sanksjon. Men høvet til sanksjon ligg framleis der. Det blei gjeve ein ny og felles instruks i 2007, slik at høvet til bruk av sanksjon skal liggja der.

Eg bør òg seia i forhold til den omorganiseringa som skjedde, at vi var tre parti som var imot. I kontrollkomiteen i førre periode hadde vi òg søkjelyset retta mot Mesta, og kva som skjedde i Mesta i den omdanninga, som ikkje akkurat var med på å herleggjera denne omdanninga meir. Men det som no er viktig, synest eg, er å følgja opp riksrevisjonsrapporten og å sørgja for at ein i framtida har endå meir fokus på kontroll og innhald i kontraktane.

Hans Olav Syversen (KrF): Jeg er klar over at det står noe om at det kan være andre former for sanksjoner overfor entreprenørene, som gir et litt annet bilde. Men faktum er vel at det som vanligvis pleier å være det som får oppmerksomhet, nemlig at det kommer økonomiske sanksjoner knyttet til at man ikke følger opp, er brukt i utrolig liten grad. Så spurt på en annen måte: Regner statsråden med at det nivået vil være et helt annet framover, forutsatt at kontraktene ikke følges opp fullt ut?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg reknar med at Statens vegvesen kjem inn endå tidlegare til oppfølging og ser på kva som kan betrast. Men vi har ingen grunn til å tru at sanksjonar skal brukast mindre i tida framover. Det kan vegdirektøren stadfesta.

Terje Moe Gustavsen: Jeg kan si at selvfølgelig er vårt mål at det blir null – at vi har så god oppfølging fra entreprenørens side at sanksjoner ikke er nødvendig. Det er jo vårt mål. Får vi det til gjennom samarbeidslinjen, gjør vi en god jobb etter min vurdering. Så må vi se litt bakover og ser at oppfølgingen ikke har vært god nok, kombinert med lavt sanksjonsnivå. Det er derfor vi endret instruksene i 2007. Det var for uklart og for krevende for den enkelte byggeleder å bruke sanksjonssystemet.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Det betyr òg at høvet vil liggja der som i dag, og vil vera eit av fleire verkemiddel.

Terje Moe Gustavsen: Mitt poeng er jo ikke at det ikke skal brukes, men at det fungerer best som ris bak speilet – i håp om at det blir godt nok til ikke å bli brukt.

Hans Olav Syversen (KrF): Ja, da tror jeg at vi er enige.

Poenget er vel at skal det bli null, som du sier, må man som regel ha noen som skjønner at det får noen konsekvenser at man ikke oppfyller kontrakten.

Siste spørsmål: Jeg oppfatter vel at statsråden er ganske kjølilig til opprettelsen av et eget tilsyn. Er det også på bakgrunn av erfaring med tilsyn eksempelvis på jernbanefeltet?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg skal få lov til å koma tilbake til ei vurdering av spørsmålet om tilsyn. Eg trur det kan ha sine klare fordelar. Så trur eg vi må diskutera det i forhold til dei ulempene, meirkostnadene og det byråkratiet det kan medføra. Så ei tilråding frå meg og Regjeringa skal koma seinare.

Møtelederen: Da er siste parti ut Venstre, med Trine Skei Grande, som har 5 minutter til disposisjon. – Vær så god.

Trine Skei Grande (V): Jeg har lyst til å følge opp med et lite spørsmål i forhold til det Syversen spurte om. Jeg er veldig enig i at målet må være at det skal være null sanksjoner, men tror dere at det er realistisk at det vil være null sanksjoner? Eller vil dere si mer om kontrollsystemet enn om sanksjonssystemet?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg tenkjer for min del at det er viktig at høvet er der. Det er viktig å ha ein felles instruks for korleis det skal handterast. Så er det veldig bra at vegdirektøren her er optimistisk i forhold til i kva grad det vil bli brukt. Eg tør ikkje seia at eg trur det blir null.

Terje Moe Gustavsen: Jeg må nok også si meg enig i det. Men det er ganske viktig at vi setter opp riktige mål for hva vi driver med. Målet er ikke sanksjonsmengden, men å få samsvaret. Så må det brukes når det skal brukes, og så får vi håpe at det virker oppdragende på en god måte.

Trine Skei Grande (V): Statsråden avviste på en måte å gå tilbake igjen til den gamle organisasjonsmodellen. Er det andre ting du avviser som grep – før du har evalueringa på bordet?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg meiner vi skal gå til både evalueringa og inn i 2010 med eit ope sinn. Eg er nok fyrst og fremst oppteken av kva som bør gjerast, meir enn kva som ikkje bør gjerast. Og eg synest det er veldig interessant det som ein no prøver ut, med mindre bruk av kontraktar i alle fylke.

Trine Skei Grande (V): Fremskrittspartiet sa – i et spørsmål her i dag som dere ikke imøtegikk – at etterslepet bare øker når det gjelder veivedlikehold. Samtidig påpeker både denne statsråden og den forrige statsråden at det har vært en enorm økning av pengebruken på det samme området. Er vi helt på ville veier, bokstavelig talt, når det gjelder pengebruken, hvis det er slik at etterslepet øker og pengebruken – noe statsrådene skruter veldig av – øker veldig? Hvor er hullet?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Om vedlikeholdet har auka eller ikkje, trur eg dei ved sida av meg må supplera meg på.

Det som eg har understreka, er at ein skal ha kontroll med vedlikeholdsetterslepet. Og tala talar for seg i forhold til vedlikehold i budsjettet, for 2006 og for 2007. Altså frå 2006 er det ein auke på ...

Trine Skei Grande (V): Det er ingen kunst å bruke mer penger, kunsten er å få til mer for de pengene man bruker.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Ja. Vi har fått til meir vedlikehold for dei pengane, lat det ikkje vera nokon tvil om det. Men om etterslepet har auka – det er faktisk på dette feltet eit eige prosjekt som skal bringa det fram, for der er tala usikre.

Terje Moe Gustavsen: Hvis jeg får føye til litt: Det som åpenbart har skjedd de siste årene, er at driftskostnader har økt. Jeg skal ikke gå inn i en lang analyse, men det har bl.a. blitt et mer komplekst veinett. I henhold til de klare direktivene vi har fra Samferdselsdepartementet, skal driften, med andre ord trafikksikkerhet m.m., prioriteres på denne budsjettpost og vil få konsekvens for vedlikeholdet. Når det gjelder vedlikeholdet, har vi altså ikke maktet å styrke det i den takt som økte bevilgninger har medført, men på noen områder har det vært en viss styrking, bl.a. i fjor, ikke minst takket være tiltakspakken på asfaltsiden. Men vi skal altså inn i en nær-

mere analyse av flere forhold knyttet til vedlikehold og vedlikeholdsetterslep.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Når du seier at vegnettet har blitt meir komplisert, handlar det både om breiare vegar, det handlar om tunnelar – til og med nokre undersjøiske – og litt forskjellig anna.

Trine Skei Grande (V): Takk.

Møtelederen: Da er det lagt inn 5 minutter til oppklarende spørsmål. Jeg gjør innstendig oppmerksom på at det må stilles korte spørsmål, og vi må få veldig korte svar, for det er 5 minutter totalt.

Da er det først Øyvind Vaksdal og deretter Marit Nybakk.

Øyvind Vaksdal (FrP): Mener samferdselsministeren at det er mulig å oppfylle Stortingets forutsetninger om trafikksikkerhet og framkommelighet innenfor de budsjettene Regjeringen har levert? Viser ikke erfaringene at dette er umulig?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Eg er fornøgd med at dei årlege budsjetta har auka, men det kan ikkje vera tvil om at med meir pengar kunne det ha vore utført endå meir vedlikehold.

Møtelederen: Da er det Marit Nybakk – vær så god.

Marit Nybakk (A): Takk, leder.

Med utgangspunkt i kollega Syversens kommentar om jernbanen, kunne det vært fristende å stille statsråden spørsmål, om oppsplittingen av NSB og Jernbaneverket er et problem i seg selv. Men det er ikke tema her.

Det har i flere dokumenter fra departementet, bl.a. i budsjettproposisjonen for 2007, vært antydning av besparelser på mellom 580 mill. kr og 850 mill. kr årlig på grunn av konkurranseutsettingen av Vegvesenets drift. Spørsmålet er: Er dette riktig? Og hvis det er riktig, har denne påståtte besparelsen i virkeligheten redusert standarden på veivedlikeholdet?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Det er vel òg eit tema som det har vore noko ulikt syn på. Det som er heilt sikkert, er at dette er òg eit tema som Dovre Group ser på. Så har du, Ola Brattgard, ei tilføyning – eg skjønner ikkje kva du har skrivne her. Du skriv veldig tydeleg, men du skal få lov til å seia det sjølv.

Ola Brattgard: Det anslaget som har vore presentert tidlegare, var jo ut frå den prisutviklinga som ein såg på funksjonskontraktane den første tida. Om det nye nivået blir nivået framover, reduserer jo det effektiviseringsgevinsten som tidlegare har vore anslått.

Møtelederen: Da er det Per-Kristian Foss, deretter Hallgeir H. Langeland.

Per-Kristian Foss (H): To korte spørsmål – gjerne til Brattegard: Ville vi ikke hatt kostnadsøkning hvis vi hadde hatt den gamle modellen?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Vil du svare på det, Brattegard?

Ola Brattegard: Det som ein ser no, er at etter at prisane gikk ned dei første åra, er prisane no komme opp på omtrent det nivået som ein hadde før utskiljinga ...

Per-Kristian Foss (H): Ja, det har jeg skjönt. Men det var ikke spørsmålet.

Møtelederen: Neste er Hallgeir H. Langeland, vær så god.

Per-Kristian Foss (H): Jeg vil be om å få svar på spørsmålet, i hvert fall. Jeg spurte: Ville vi hatt en slik kostnadsutvikling dersom vi hadde hatt den gamle modellen?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Der er jo svaret at vi har hatt ei anna utvikling, om vi ser det over lengre tid. Fyrst var det ein auke i administrasjonen i Statens vegvesen, så ein reduksjon på 35 pst. i forhold til anbodet, og så ein solid auke, slik at i sum er kostnadene større – og utover prisvekst – i forhold til 2003.

Per-Kristian Foss (H): Men det er det vel på alle andre områder i samfunnet også?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Ja, men her har det ei spesiell grunngeving, sidan ein går ned på 35 pst. og så går ein seinare opp på både 40 pst. og over 40 i auke.

Møtelederen: Da er det Hallgeir H. Langeland til oppfølgingsspørsmål.

Hallgeir H. Langeland (SV): Det er for så vidt litt om det same. Ein ser jo at ein har hatt tru på det å splitta opp Vegvesenet, NSB osv. i fleire einingar, men det gjer òg at ein får ein konflikt om kven som då er ansvarleg for ulike ting, som ein ser bl.a. i samband med togkaoset, der ein skylder på kvarandre – og som dei tidlegare regjeringane på ein måte har stått for. Men spørsmålet mitt er då: Er hovudutfordringa no organisatorisk eller økonomisk når det gjeld å rydda opp i problema knytte opp mot veg- og vedlikehaldssida – eller er det begge delar?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Der tenkjer eg at det handlar om begge delar. Det handlar jo om å ha

så stor grad av tydelegheit som mogleg, altså klare krav, klar rapportering til Statens vegvesen ifrå departementet si side. Og så kan vi ikkje lausriva dette frå dei årlege budsjetta. Det er klart dei har betydning.

Møtelederen: Takk for det.

Da er tiden for oppfølgingsspørsmål omme, og det er lagt opp slik at statsråden kan få 5 minutter til å oppsummere, hvis hun ønsker det. Vær så god, statsråd Kleppa.

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa: Då vil eg aller fyrst takka for moglegheita til å koma her og følgje opp rapporten frå Riksrevisjonen på denne måten. Eg vil òg takke for gode spørsmål.

31. mars blir ein viktig dag for det som heiter drift og vedlikehald, for då kjem etter planen Dovre Group sin rapport. Der er det f.eks. stilt følgjande spørsmål: Står innhaldet i forhold til oppgåva som skal utførast? Er det spesifikke krav til utføringa? Er risikofordelinga mellom Statens vegvesen og entreprenør hensiktsmessig? Korleis blir kontrakten følgt opp frå Statens vegvesen si side med omsyn til kontroll og sanksjonar? Er kontrakten sitt økonomiske, geografiske og tidsmessige omfang optimalt? Og eventuelt andre moment som kan ha betydning.

Vi har Riksrevisjonens rapport, vi har det arbeidet som frå før er gjort frå departementet si side overfor Statens vegvesen og vice versa. Vi har spørsmål og engasjement frå Stortinget si side, og så har vi i tillegg denne rapporten. Så då vil vi få ei eiga – og unik – moglegheit til på breiare basis å setja søkjelyset på drift og vedlikehald av vegane våre.

Så kan ikkje eg forskottera kva som kjem i denne rapporten, og eg kan jo heller ikkje einseitig seia at vi skal følgja opp alt som kjem der, men eg trur at den blir ein god reiskap. Eg registrerer frå før av at her er eit sterkt engasjement frå alle parti når det gjeld samferdselssektoren, når det gjeld tog, som nokon så vidt har vore inne på i dag, men òg når det gjeld veg – når det gjeld nye vegar, men òg når det gjeld drift og vedlikehald. Så eg ser fram til å dukka enno djupare inn i dette temaet og følgja opp overfor Stortinget.

Takk skal de ha.

Møtelederen: Takk for det, og takk for dine bidrag i denne åpne kontrollhøringen. Høringen er med dette slutt, og jeg vil takke alle som har deltatt. Komiteen skal fortsette sitt arbeid med saken og bruke de opplysningene og synspunktene som har kommet frem under høringen, i sitt videre arbeid med innstillingen til Stortinget.